

Årsrapport 2022

Sande kommune



Frå kongeparbesøket på Larsnes 31.08.2022. Fotograf: Tor Sivertstøl

Lenker:

- [Rekneskap og notar](#)
- [Kommunestatistikk 2022](#)

Ordføreren har ordet



2022 har faktisk skrive seg inn som eit særmerkt år i kommunehistoria til Sande: For første gong på 1477 år hadde vi offisielt kongebesøk i kommunen. Det var vel kong Arthur som var den siste her, og han døde tragisk nok på Dollsøya i år 545, ifølgje Beowulf-kvadet og lokale segner.

For det er unekteleg noko særskilt når ein som ei lita kommune får beskjed om kongebesøk. Og for Sande måtte vi vente litt – det var faktisk planlagt besøk allereie i 2020, men som kjent så var det ikkje råd å tenkje folkefest verken i 2020 eller 2021 – så då var vi svært glade for at 31. august 2022 lot det seg endeleg gjere for kong Harald V og dronning Sonja å få krysse av Sande kommune som ei av dei aller siste kommunane i Møre og Romsdal dei har besøkt i løpet av sine år som kongepar.

Og det vart ei storhending. Etter ein månad med nærast konstant regn og styggevær, så fekk vi oppleve Sunnmøre på det vakraste desse dagane dei var i området. Då eg kommenterte kor heldige vi var med været overfor kongen, var han rask med replikken: «Å, er det ikke slik hver dag da?». Vi ønskte oss ein folkefest på Rønnebergplassen, og det fekk vi sanneleg; Gursken skulekorps, Småtroll, kulturskulen, Øyklang, Kong Arthur-spelet og Livsgledeheim – godt bunde saman av konferansier Wilhelm Støylen. Gåva frå Sande var ei korg med lokalmat frå ulike produsentar – men vi la også med ordboka til Per Sandanger og vårt nye turkart frå kommunen (der idrettslaga gjorde ein stor-innsats med innsamling av informasjonen); vi veit jo at dronninga gjerne vil sjå seg rundt...! Idrettslaga stod for mat og drikke på Rønnebergplassen – og kongeparet tok seg god tid slik at fleire fekk både sjå og helse på dei - i løpet av dei 90 minutta som var avsett til besøket.

På kvelden fekk Sande også vere vertskap for alle dei 5 kommunane som fekk besøk; Fjord, Sykkylven, Vanylven, Sande og Hareid. Her fekk vi servert ein nydeleg 3 retters middag i god Feel It-tradisjon – for anledninga omdøyppt til *Feel Royal* – med innslag frå både kulturskulen og Vyrde mannskor i tillegg til Feel It-gjengen sjølve. Både kongeparet og gjestane frå nabokommunane har skrytt veldig av dette i ettertid!

Og det imponerende med dette besøket, er at det aller meste var basert på dugnadsinnsats! Det låg mange timar med øving, timing og pynting bak eit slikt besøk – men vi fekk vise oss fram frå vår beste side! Takk til alle som bidrog med smått og stort – ingen nemnt, ingen gløymde!

Dagen etterpå, 1. september, fekk 12 utvalde gjester frå Sande vere med om bord i Kongeskipet, som då låg på Hareid. Her fekk alle helse på kongeparet ved ankomst, og dei tok seg også tid til å prate med fleire av oss – ungdomane våre vart inviterte til kongebordet, og same æra fekk også vår 99 år gamle krigsveteran, Kjartan Oksavik. Det var nok heilt klart eit minne for livet for dei av oss som fekk delta!

Elles er det nok slik at året 2022 i Sande heilt klart har vore eit år der mykje av debatten har vore om samferdsle. Tidleg på året var det anbod om ny ambulansebåt i Sande, som skal vere på plass før sommaren i år. Vi kunne glede oss over ei ny framtid for øyane i Sande, då vi frå 1. april til 30. september kunne glede oss over at vi endeleg fekk to ferjer i sambandet Larsnes – (Åram) – Voksa – Kvamsøy; rett nok slik at b-ferja droppa Åram på dei fleste turane og heller ikkje gjekk søndagane. Det vart ein ny kvardag – folk slutta å sjå på klokka – ferjene gjekk stort sett kvar time frå tidleg morgon og fram til 6-tida på kvelden! Dette gav heilt klart meirsmak (!), og det har vore arbeidd mykje inn mot politikarane på fylket for å få til ei slik ordning vidare. Planane om 1 - ei – større ferje frå 2025 har slik sett ikkje vorte like godt mottekne; men her har fylket inngått store avtalar, og så må vi prøve å gjere det beste utav situasjonen framover...

Som ordførar vil eg takke alle tilsette i Sande kommune, som kvar på sin måte har bidrege til at vi også i 2022 har ytt gode tenester til innbyggjarane våre!

Olav Myklebust

ordførar

Kommunedirektøren si innleiing



Der arbeidskvardagen var i ferd med å normalisere seg etter ein langvarig og slitande pandemi, kom Russland si krigføring i Ukraina. Krigen er først og fremst ei tragedie for befolkninga i Ukraina, men den førte også til flyktingstraum og økonomisk ustabilitet i Europa som gir utfordringar i vår kommune.

2022 vart altså eit nytt år der utføresette hendingar ga kommunen nye utfordringar og oppgåver. I inngangen til 2022 kom pandemien over i ei fase som våre tenester handterte godt, og drifta normaliserte seg - om enn på eit litt nytt nivå med handsprit og koronatestar lett tilgjengeleg.

Den store og nye oppgåva vart å ta i mot personar på flukt frå krigen i Ukraina. Dei første kom til Sande i mars, og ved utløpet av året hadde vi busett 45 personar frå Ukraina i våre bygdelag. Den jobben som vart gjort gjennom året med å ta i mot personar på flukt frå krigen, viser verkeleg det beste både i våre tilsette og i befolkninga elles. Tilsette i alle sektorar og avdelingar har gjort ein framifrå jobb med å gi tenester og vise omsorg til personar som er i ein vanskeleg livssituasjon. Befolkninga i Sande har på same måte vist seg som god nabo og stilt opp for dei nye som har kome og busett seg i bygdene våre. Tusen takk til alle for innsatsen så langt!

I 2022 har ein også etablert og tilsett i frivillighetsentral, tilsett ungdomsarbeidar, og styrka helsestasjonen. Alt dette er gode tiltak for å styrke og legge til rette for møteplassar, og for å styrke barn og unge sine behov for «å sjå og verte sett». Larsnes helselag har heilt rett når dei på sin invitasjon til kafé-dag seier at det er «god helse i å møtast».

2022 var frivillighetsåret, og frivilligheita i Sande har levert eit nytt sterkt år der dei har lagt til rette for møteplassar, kulturopplevingar og aktivitet for både fastbuande og besøkande. Der vi les at mange har vanskar med å kome i gong att etter pandemien, ser det ut som at frivilligheita i Sande har klart å gjenskape det aktivitetsnivået som var før pandemien trefte oss. Dette er ingen sjølvfølge, og Sande kommune er heldige som har eldsjeler som står på for å skape aktivitet og opplevingar i våre bygder.

Sande kommune enda med eit negativt netto driftsresultat på -6,7 mill. kr. Dette er urovekkande i eit år kommunen har hatt gode inntektskilder i form av integreringstilskot, auka rammeoverføringar og positiv auke frå havbruksfondet. Dei største negative avvika knytter seg til løns- og vikarutgifter, tap på finansielle omløpsmidlar i form av negativ fondsavkastning, auka renteutgifter og for låge leigeinntekter i forhold til budsjett. Totalt brukte sektorane 6,5 mill. kr meir enn budsjett.

Dette er 5 mill. kr høgare enn estimata frå sektorane ved 2. tertialrapportering. Kommunedirektøren ynskjer med dette å ha meir fokus på eigarskap til eigne budsjett, leiaropplæring i økonomisystema og fokus på potensielle innsparingar. Sande kommune vil trenge å gjere grep for å kunne ha eit driftsnivå som i større grad er tilpassa dei faktiske rammeoverføringane kommunen får frå staten.


Til tross for knappe resursar og stadige omstillingsbehov, har dei ulike einingane på nytt levert gode og forsvarlege tenester til innbygarane. Vår organisasjon er oversiktleg og med korte avstandar mellom leiing og operasjonell drift. At vi klarar å utnytte det å vere liten med det å vere både tilpassings- og endringsvillig gjer at vi får til mykje ut av lite. Det er derfor all grunn til å takke våre tilsette for god innsats og vel utført arbeid også i 2022.

Det å arbeide i lag med partane i å skape ein god arbeidskvardag og gode tenester er viktig. Sett frå kommunedirektøren sin ståstad har dette samarbeidet hatt ei god form i 2022, der arbeidsgivar har opplevd både gjensidig tillit og respekt i partsarbeidet.

Renathe Rossi

kommunedirektør

Politisk organisering



ADMINISTRASJONUTVAL

7 representantar

ARBEIDSMILJØUTVAL

8 representantar

ELDRERÅD

5 representantar

UNGDOMSRÅD

11 representantar

RÅD FOR PERSONER MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE

5 representantar

Kommunestyret er det øvste organ i kommunen med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret skal mellom anna avgjere saker som gjeld: Hovudtrekka i kommuneorganisasjonen - både politisk og administrativ struktur. Budsjett og økonomiplanar (handlingsprogram) og vesentlege endringar i desse. Kommuneplanar. Reguleringsplaner og delplaner. Rekneskap og årsmelding/resultatvurderingar.

Kommunestyret har 21 representantar, fordelt på Høgre (8 repr), Arbeidarpartiet (4 repr), Tverrpolitisk liste for Kvamsøy, Sandsøy og Voksa (2 repr), Senterpartiet (4 repr), Framstegspartiet (3 repr). Ordføraren kjem frå Senterpartiet og varaordføraren representerer Framstegspartiet. Formannskapet skal førebu og gje tilråding i alle saker som ligg innanfor ansvarsområdet til formannskapet og som skal handsamast av kommunestyret. Formannskapet gjev ikkje tilråding i saker som er handsama av Kontrollutvalet.

Formannskapet er økonomiutval i kommunen og skal førebu og tilrå til kommunestyret i alle saker av økonomisk karakter som ikkje er delegerte. Formannskapet skal dessutan gje tilråding til kommunestyret i saker som gjeld kommuneplanar, reguleringsplanar, miljøsaker og andre overordna saker. Formannskapet gjer elles vedtak i dei sakene der kommunestyret har gjeve formannskapet mynde til å ta avgjerd. Formannskapet har funksjonen som klageorgan for kommunen etter Forvaltningslova § 28 . Vidare skal formannskapet vere overordna fagorgan for dei forvaltningsoppgåvene og tenestene som kommunen er pålagd å yte etter lovverket Formannskapet har 7 representantar. Ordføraren (Sp) og 2 representantar frå Ap, er innvalde på fellesliste, varaordføraren (Frp) og så har fellesliste for Høgre og Tverrpolitisk liste for Kvamsøy, Sandsøy og Voksa 3 medlemmar.


Hovudutvala har 7 medlemmar og ein har lagt vekt på gjennomgåande representasjon slik at det stort sett er kommunestyremedlemmar som sit i hovudutvala. Arbeidsmiljøutvalet har 8 medlemmar (4 frå arbeidstakersida og 4 frå arbeidsgjevarsida), Ungdomsrådet har 11 medlemmar (10 ungdomar og ein frå kommunestyret), Administrasjonsutvalet har 7 medlemmar, Råd for likestilling av funksjonshemma har 5 medlemmar og Eldrerådet har 5 medlemmar. Politisk sekretariat utgjer ei 60 % stilling knytt til økonomi- og administrasjonsavdelinga.

Administrativ organisering

Kommunen er organisert i sektorar som vert leia av kommunalsjefar for sine fagområde. Økonomileiar og personalleiar fungerer som stab-støtte funksjon for både kommunedirektør, leiarar og tilsette i kommunen.



Kommunedirektør og desse sju leiarane utgjer kommunedirektøren si leiargruppe:



Personal og organisasjon

Sjukefråvær

Sande kommune har over ei lengre periode hatt eit høgt sjukefråvær. Det var difor naudsynt å ha ekstra fokus på dette også i 2022. I samarbeid med NAV og Bedriftshelsetenesta Avonova blei det utarbeidd nye rutine for tilsette og leiarar på kva som er viktig å følgje opp under sjukefråværet, kva gjer du som tilsett dersom du står i fare for å bli sjukmeldt og litt om medverknadsplikt. Det blei gjennomført to fagdagar der alle leiarar, avdelingsleiarar, hovudverneombod og hovudtillitsvalt var invitert. Under samlingane blei blant anna lovkrav, rutine og nyttige verktøy presentert. Det blei gitt god fagleg informasjon frå NAV for å styrke leiarane i dette viktige arbeidet. «Leiar før lege» og verktøy for å gjennomføre den «vanskelege samtalen» er noko av stikkorda vi sit igjen med etter desse fagdagane.

Det systematiske arbeidet for å redusere sjukefråværet skjer med basis i kommunen sin overordna IA/HMS-plan. Alle einingar/avdelingar har ansvaret for å jobbe med eige sjukefråvær, og er pålagt å utarbeide eigne IA/HMS-planar som førande for innsatsen på eigen arbeidsplass. Oppfølgingsansvaret ligg på den enkelte leiar i tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod (trepertssamarbeidet).

Arbeidsmiljøutvalet har pålagt minimum 4 faste møter i året i trepartssamarbeidet der sjukefråvær er eitt av dei faste punkta på agendaen.

BHT og NAV har bidrege i arbeidet med å redusere sjukefråvær gjennom samhandling på systemnivå, men også i individoppfølging på oppdrag frå leiarane.

Samhandlingsplan med BHT er utarbeidd med grunnlag m.a. i innmelde behov frå leiargruppa.

Ordninga med å tilby rådgjeving/bistand frå BHT og NAV til dei enkelte einingsleiarane i tilknytning til våre faste IA-utvalsmøte var vidareført i 2022.

Sjukefråværsutviklinga pr sektor i perioden 2019 – 2022:

	1. tertial 2019	2. tertial 2019	3. tertial 2019	1. tertial 2020	2. tertial 2020	3. tertial 2020	1. tertial 2021	2. tertial 2021	3. tertial 2021	1. tertial 2022	2. tertial 2022	3. tertial 2022
10 Politisk og administrasjon	3,49	4,81	6,15	3,4	5,28	4,7	8,32	4,64	7,33	16,4	15,3	11,6
20 Oppvekst og kultur	10,56	7,76	9,18	12,1	9,24	5,7	8,07	10,39	9,57	10,7	8,7	8,2
30 Helse og omsorg	10,22	10,42	7,59	14,95	15,37	11,98	14,35	16,29	14,16	12,7	12,3	13,4
60 Teknisk og landbruk	5,7	1,6	6,71	7,94	4,17	9,96	6,22	1,92	8,17	9,8	7,9	6,6
Sum fråvær %	9,6	8,46	8,04	12,7	11,81	9,03	11,17	12,57	11,72	11,9	10,9	11
Av dette:												
Korttidsfråv. (Inntil 16 dg) %	2,56	2,05	2,57	3,11	2,41	2,07	2,42	2,54	3,7	3,6	2,8	2,6
Langtidsfråvær (16 dg og over) %	7,04	6,41	5,47	9,59	9,4	6,96	8,74	10,03	8,1	8,4	8,1	8,4

Det er kostbart for kommunen å ha eit høgt sjukefråvær. For Sande kommune sin del utgjør kostnaden i underkant av 1 mill. kr per månad. Ved utgangen av 2.tertial var kostnadane 926 920kr pr. mnd. Dei totale kostnadane for fyrste og andre tertial var 7 415 361kr. For 3.tertial var den totale kostnaden på sjukefråværet på kroner 3 864 396,- Per månad var det 966 099kr. Det viser ei totalkostnad for kommunen på kroner 11 279 757,- i 2022.

Personalområdet elles

Tilsette

Antall tilsette er 323 fordelt på 268,96 årsverk. Av dette er det 262 kvinner og 61 menn. Tabellen viser utviklinga i talet på tilsette og fordeling mellom kjønna den siste 10-årsperioden.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	263	278	262	262	241	267	258	261	256	256	262
Menn	54	53	55	52	50	47	58	46	47	57	61
Totalt	317	331	317	314	291	314	316	307	303	313	323

Tala nedanfor er årsverk per desember det enkelte år.

SEKTOR	des 2018	des 2019	des 2020	des 2021	des 2022
Politisk/Administrasjon	14,2	15,6	14,8	13,68	17,18
Oppvekst/Kultur	97,31	93,92	91,28	87,40	94,85
Helse/Omsorg	119,93	121,66	125,36	131,75	135,98
NAV/Barnevern	3,7	2,2	0	0	0
Teknisk og landbruk	12,87	15,55	16,39	14,95	15,89
Totalt	248,01	248,93	247,83	247,78	263,90

Samarbeid med tillitsvalde

På kommunedirektørnivå har vi også i 2022 hatt eit konstruktivt samarbeid med våre hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Gjennom faste kontaktmøte med gjensidig informasjonsutveksling og drøfting av aktuelle saker,- totalt 9 møter og 55 saker dette året.

Dei lønspolitiske drøftingsmøta kjem i tillegg til desse.

Lønsforhandlingar

Årlege lønsforhandlingar (lokalt tariffoppgjer) vart gjennomført for Hovudtariffavtalen kapittel 3 og 5, gjennom felles forhandlingar den 27.09.2022. Utdanningsforbundet var som kjent i streik på det tidspunktet. Forhandling med UDF blei gjennomført 07.11.2022.

HMS-arbeid

Det systematiske HMS-arbeidet har vore gjennomført i tråd med plan for 2022, gjennom samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Våre eksterne samarbeidspartar NAV og Avonova (BHT) har bidrege med sine tenester for måloppnåing.

Blant aktivitetane kan nemnast:

- sjukefråværsstatistikk er utarbeidd pr tertial
- sjukefråværsutviklinga på sakskartet til alle AMU-møta, - vidare rapportering til formannskapet
- gjennomføring av medarbeidersamtalar
- einingar/avdelingar har utarbeidd/oppdatert sine IA/HMS-planar (mål, tiltak, ansvar)
- kommunen har tatt i mot arbeidstakarar m/behov for utprøving i arbeidslivet i ulike einingar, og slik bidrege for å oppfylle IA-avtalen
- oppfølging, tilrettelegging og avklaring av sjukmelde i heile organisasjonen
- møte i IA-utvalet
- rådgjeving til leiarar i sjukefråværsarbeidet
- vernerunden 2022 er gjennomført og følgt opp
- kurs i handtering av vald og truslar, arbeidshelseundersøkingar o.a. er gjennomført
- løpande samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta
- trivselstiltak med fokus på fysisk aktivitet og sosiale aktivitetar i nokre einingar
- faste verneombodsmøte gjennom året
- lovpålagt opplæring i verne- og miljøarbeid – leiarar og verneombod

Likestilling og diskriminering

Vern mot diskriminering i arbeidslivet vert regulert i arbeidsmiljølova og likestillings- og diskrimineringslova.

Arbeidsmiljølova regulerer forbod mot diskriminering pga. alder, seksuell orientering, politisk oppfatningar og medlemskap i fagforeiningar eller politiske organisasjonar, deltidstilsette og mellombels tilsette.

Likestillings- og diskrimineringslova forbyr diskriminering og forskjellsbehandling på grunn av kjønn, graviditet, fødselspermisjon og omsorgsoppgåver, etnisitet, religion og livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet/-uttrykk, alder.

Sande kommune arbeider for å fremja formåla i lovverket og gjera organisasjonen til ein inkluderande og attraktiv arbeidsplass for alle. Gjennom IA-arbeidet vert det lagt vekt på å inkludere og behalde personar med nedsett funksjonsevne, og vi har IA-plassar som vert nytta til arbeidsutprøving for arbeidssøklarar gjennom NAV.

Kommunen legg også til rette for arbeidsutprøving og språkpraksis for personar med innvandrarbakgrunn.

Heiltid – deltid:

Talet på heiltids –og deltidstilsette – pr kjønn

År	2022	2022
	Antal tilsette	Antal tilsette
Stillingsstørrelsegruppe	Kvinner	Menn
>0-24%	13	18
25-49%	14	3
50-74%	31	7
75-99%	41	2
100%	163	31

Kommunen jobbar medvite for å redusera uønska deltid . Deltidstilsette som ønskjer stillingsutviding vert prioriterte så langt som råd når stillingar vert ledige - i samsvar med pliktene våre i avtaleverket.

1514 Sande	Månadslønn (kr)	2019	2020	2021	2022
Menn	I alt	42 140	43 890	45 200	45 150
	Heltidstilsette	42 680	44 230	45 740	45 640
	Deltidstilsette	34 810	39 110	40 670	40 090
Kvinner	I alt	40 910	41 700	43 230	43 650
	Heltidstilsette	42 500	42 950	44 470	44 650
	Deltidstilsette	38 800	39 700	41 100	41 590

Tabellen ovanfor viser snittmånadslønn fordelt etter kjønn og heiltids-/deltidstilsette (kjelde: SSB).

I Sande kommune arbeider ein stor andel av mennene innanfor teknisk etat og i kommuneadministrasjonen:

I prosent	2022	2022
	Kvinner	Menn
Politisk og administrasjon	55,00 %	45,00 %
Oppvekst og kultur	90,09 %	9,91 %
Helse og omsorg	89,41 %	10,59 %
Teknisk og landbr	17,24 %	82,76 %

Det er tilsette fleire leiarar, ingeniørar, spesialkonsulentar og fagarbeidarar i administrasjonen og teknisk etat med høgare snittlønn enn dei meir kvinnedominerte yrka innan helse og omsorgsetaten. Her er det høgare andel av ufaglærte, som er noko av årsaken til at snittlønna er høgare for mennene i kommunen.

Etisk standard i Sande kommune

Kommunen sine etiske retningslinjer gjeld både tilsette og folkevalde. Dei vert gjort kjent for alle arbeidstakarar ved tilsetjing, i introduksjonsopplegget vi har for nytilsette. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk standard hjå oss som kommunetilsette, retningslinjene er eit viktig verkemiddel for å fremje kommunen sitt omdøme. Å halde kontinuerleg fokus på etikk er eit viktig leiaransvar.

Etikk er også eit tema i folkevaltopplæringa, sist etter kommunevalet i 2019.

Varsling

Varslingsrutinane våre vart reviderte i 2019. Dei består av ein rettleiar, ei prosedyre om korleis varsle om kritikkverdige forhold og ei prosedyre som skildrar korleis mottatt varsel skal behandlast.

Vi har også ein rettleiar om korleis førebyggje følgje opp trakassering og anna utilbørleg oppførsel. Rutinane er gjort kjent for dei tilsette gjennom kvalitetssystemet vårt, Compilo, via kommunen sitt Intranett og er utsendt til leiarar, tillitsvalde og vernetenesta.

Økonomisk oversikt

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-189 645	-181 325	-199 260	-205 491	6 230	3,1 %
Avskrivninger	12 064	12 565	12 565	11 154	1 411	11,2 %
Motpost avskrivninger	-15 547	-16 106	-16 106	-16 187	81	0,5 %
Netto finansutgifter	8 675	11 986	14 986	20 560	-5 574	-37,2 %
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	8 299	0	0	-4 347	4 347	0,0 %
Til disposisjon	-176 153	-172 880	-187 815	-194 309	6 494	3,5 %
Politisk og administrasjon	11 814	14 170	17 325	12 384	4 941	28,5 %
Oppvekst og kultur	56 748	56 085	60 887	64 614	-3 727	-6,1 %
Helse og omsorg	84 792	81 361	86 510	92 720	-6 210	-7,2 %
Sosialteneste og barnevern	7 319	7 261	8 420	8 828	-408	-4,8 %
Kyrkje og næring	2 815	3 530	2 380	2 184	196	8,2 %
Teknisk og landbruk	12 619	10 473	12 244	13 547	-1 303	-10,6 %
Finansområde	47	0	50	33	17	33,5 %
Sum disponering	176 153	172 880	187 815	194 309	-6 494	-3,5 %
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0	0	0,0 %

Sande kommune har i 2022 eit netto driftsresultat på -2,3 %. Resultatmålet til kommunestyret er 1,75 %.

Kommunen sine generelle driftsinntekter auka kraftig frå 2021 til 2022. Grunna ei større omfordeling mellom skattekreditorane i slutten av 2022 for inntektsåret 2021 enda Sande kommune med ein låg skatteprosent i forhold til landsgjennomsnittet på 84,5 %. Inntektsutjamninga og høg skatteinngang for heile landet gjorde at Sande likevel fekk 5,5 mill. kr meir i skatt og rammetilskot enn budsjett. I tillegg vart det ei stor auke i overføringa frå Havbruksfondet - totalt 4,2 mill. kr mot eit budsjett på 900 000. Integreringstilskotet etter busetjing av 45 flyktningar i 2022 ga også gode meirinntekter for kommunen. Totalt fekk Sande 12,7 mill. kr i integreringstilskot i 2022. Totalt 19 flyktningar vart busett i desember 2022, med full tilskotssum for år 1. Utgiftene på desse flyktningane kjem hovudsakleg f.o.m. år 2. Kommunen mottek integreringstilskot i dei første fem åra flyktningane er busett i kommunen. Tilskotssummen er høgast i år 2 og blir deretter gradvis redusert. Prosjektrekneskapen for flyktning viser at sektorane hadde 5 mill. kr i flyktningutgifter i 2022.

Avviket på netto finansutgifter kjem av at rentene auka kraftig i 2022 og medførte avvik mot budsjett på -2 mill. kr. I tillegg fekk Sande negativ avkastning på fonda sine med -3,2 mill. kr.

Årsaken til avviket mellom avskrivningar og motpost avskrivningar er at avskrivningar som knytter seg til VAR-området (sjølvkost vatn/avløp) er ført direkte på sektoren Teknisk og landbruk, og ikkje på det generelle finansområdet. Dette gir difor eit misvisande avvik mellom avskrivningar og motpost avskrivningar. Samla sett går dette i null.

Det totale meirforbruket etter bruk av bundne driftsfond enda på 4,3 mill. kr. Dette kunne i si heilheit hentast frå disposisjonsfondet som vart styrka i 2021. Det står no att kr 272 337 på disposisjonsfondet.

På sektornivå vart avvika rimeleg store i forhold til både opphavleg og revidert budsjett.

Politisk og administrasjon har eit mindreforbruk på vel 5 mill. kr. Hovudgrunnen til dette er unytta budsjettmidlar avsett til flyktningar, eit positivt avvik på premieavvik ift. budsjett på 2,7 mill. kr og ein restsum av avsetning til lønsvekst på 600 000 kr.

Oppvekst og kultur har eit meirforbruk på 3,7 mill. kr. Av dette er 2,7 mill. kr meirforbruk på løn grunna høgt sjukefråvær, mykje overtid og meir vikarutgifter enn refusjonar frå NAV. Elles andre meirutgifter på 1 mill. kr.

Helse og omsorg enda med eit meirforbruk på 6,2 mill. kr. Her er avviket først og fremst på løn og kjem av høgt sjukefråvær, overtidsbruk og lågare fastlønnsbudsjett enn det faktiske tal på stillingar.

Sosialteneste og barnevern fekk samla eit meirforbruk på 400 000 kr. Barnevern hadde mindre utgifter enn budsjett, medan sosialteneste hadde meirforbruk. Auka utbetalingar til sosialhjelp er årsaka til avviket mot budsjettet. Kommunen busette mange flyktningar i 2022, og dette har i stor grad påverka auka i utbetalingane.

Kyrkje og næring: Mindreforbruk på næringsområdet.

Teknisk og landbruk: Meirforbruk på vel 1,3 mill. kr hovedsakleg knytt til vintervedlikehald/brøyting og høge straumutgifter.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-304	-197	-197	-446	249	126,8 %
Utbytter	-772	-400	-400	-403	3	0,7 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-4 691	-3 000	0	3 195	-3 195	0,0 %
Renteutgifter	3 075	1 964	3 964	6 099	-2 135	-53,9 %
Avdrag på lån	11 367	13 619	11 619	12 115	-497	-4,3 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	8 675	11 986	14 986	20 560	-5 574	-37,2 %

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Avsetninger til bundne driftsfond	0	0	0	246	-246	0,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	4 864	0	0	0	0	0,0 %
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-4 592	4 592	0,0 %
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	3 434	0	0	0	0	0,0 %
Netto avsetnader	8 299	0	0	-4 347	4 347	0,0 %

Disposisjonsfond siste 10 år:



Driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-103 283	-103 930	-95 237	-93 554
Inntekt- og formuesskatt	-83 275	-83 296	-82 596	-88 175
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre generelle driftsinntekter	-3 087	-18 265	-3 492	-17 531
Sum Sum generelle driftsinntekter	-189 645	-205 491	-181 325	-199 260
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-345	-492	-226	-226
Utbytte	-772	-403	-400	-400
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-4 691	3 195	-3 000	0
Renteutgifter	3 110	6 126	1 977	3 977
Avdrag på lån	11 367	12 115	13 619	11 619
Sum Netto finansutgifter	8 669	20 542	11 970	14 970
Sum sentrale inntekter og finansposter	-180 976	-184 949	-169 355	-184 291
Tenesteområda - drift	175 762	191 672	170 905	185 333
Netto driftsresultat	-5 214	6 723	1 550	1 043

Rekneskap i fjor Rekneskap Opph. bud. Rev. bud.

Sum driftsinntekter	-275 228	-293 866	-245 684	-288 057
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,9 %	-2,3 %	-0,6 %	-0,4 %

Beløp i 1000

Rekneskap i fjor Rekneskap Opph. bud. Rev. bud.


Avsetninger til bundne driftsfond	1 508	1 459	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	4 864	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-4 592	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	3 434	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	-1 508	-1 213	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	8 299	-4 347	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	1 508	1 213	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-4 593	-3 590	-1 452	-945
Netto avsetninger i tenesteområda	-3 085	-2 377	-1 452	-945
Sum sentrale inntekter og finansposter	5 214	-6 723	-1 452	-945

Lånegjeld


Sande kommune har ei total lånegjeld på kr 313 461 559 per 31.12.2022. Under finn ein lånegjelda fordelt på flytande og fast rente:

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	130 000 000	41,47 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	80 753 000	25,76 %
Sum rentebinding	210 753 000	67,23 %
Flytende rente (p.t. vilkår)	102 708 559	32,77 %
SUM	313 461 559	100,00 %

Utvikling av lånegjeld 2010-2022:



For Sande kommune ser ein følgjande utvikling i gjennomsnittsrente på låna våre gjennom året:



Porteføljen og markedsrenter	(Rentene er justert for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)						
Vektet gjennomsnittsrente	P.T.KBN	Norges Bank	3 MND	6 MND	12 MND	3 År	5 År
2,32 %	3,95 %	2,75 %	3,61 %	3,94 %	3,87 %	3,96 %	3,95 %
Markedsrenter og porteføljens betingelser	Ved utløpet av rapporteringsperioden						

Opptak av nye lån og refinansieringar:

Ny långiver	Dato	Beløp	Rente	Forfall/renteregulering
SB1M	08.03.2022	80 753 000	1,750	08.03.2023
DNB	16.03.2022	72 280 000	1,620	16.06.2022
Husbanken	16.03.2022	1 000 000	1,732	01.04.2052
SB1M	16.06.2022	72 280 000	1,540	16.09.2022
KLP	16.09.2022	61 280 000	3,950	16.09.2042

Oppsummering og nøkkeltal:

Nøkkeltall	31.12.2022	01.01.2022	Forklaring
Total lånegjeld	Kr. 313 461 559	Kr. 305 016 867	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med fremtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen)	1,24 ÅR	1,72 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige rentebindingstid. Tallet viser hvor lenge renten på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovedstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er en kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdier.
Vektet gjennomsnittrente	2,32 %	1,26 %	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noe. Ved sammenligning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding	4,48 ÅR	-	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kredittbinding. Tallet viser hvor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høyere tall, desto mindre refinansieringsrisiko har porteføljen alt annet like.

Tabellar og oversikter overfor er henta frå finansrapport for 2022 utarbeidd av Bergen Capital Management.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Sande kommune har ved utgangen av 4. kvartal 2022 totalt 2 442 innbyggjarar. Kommunen hadde gode fødselstal i 2022, og fekk i tillegg auka folketal grunna busetjing av flyktningar. I 4. kvartal fekk dermed Sande kommune ein vekst på 39 innbyggjarar. Samanlikna med utgangen av 4. kvartal 2021 gjekk folketallet opp i Sande med 20 innbyggjarar.

Endringer i befolkningen



Fødte
2022

19 personer

Kilde

[Fødte, Statistisk sentralbyrå](#)



Døde
2022

35 personer

Kilde

[Døde, Statistisk sentralbyrå](#)



Nettoflytting
2022

36 personer

Kilde

[Flyttinger, Statistisk sentralbyrå](#)



Vekst i befolkningen siste kvartal
4. kvartal 2022

39 personer

Kilde

[Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå](#)

I følge SSB sine regionale befolkningsframskrivinga er talet på innbyggjarar i Sande forventa å halde seg stabilt i åra som kjem:

Forventet utvikling



Befolkning i 2030
2030


2 433 innbyggere




Befolkning i 2050
2050

2 419 innbyggere

Andelen barn og unge har gått kraftig ned i kommunen sidan 1992, men er forventta å halde seg meir stabilt på dagens nivå i åra som kjem:



Andelen personar over 67 er derimot forventta å auke kraftig:



Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2022

	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	2 493	2 461	2 445	2 422
Fødde	21	23	30	19
Døde	30	24	26	35
Fødselsoverskot	-9	-1	4	-16
Innvandring	22	19	49	43
Utvandring	10	3	33	19
Innflytting, innanlands	63	61	75	108
Utflytting, innanlands	98	92	117	97
Netto innvandring og flytting	-23	-15	-26	35
Folkevekst	-32	-16	-23	20
Folketalet ved utgangen av kvartalet	2 461	2 445	2 422	2 442

Kommunen sine tenesteområde

Politisk og administrasjon

Sjukefråvær

	1.	2.	3.	1.	2.	3.	1.	2.	3.	1.	2.	3.
Fråvær i %	2019	2019	2019	2020	2020	2020	2021	2021	2021	2022	2022	2022
10 Politisk og administrasjon	3,49	4,81	6,15	3,4	5,28	4,7	8,32	4,64	7,33	16,4	15,3	11,6

Skildring av tenesteområde

Politisk og administrasjon består av kommunedirektørs stab, økonomi og administrasjonsavdeling, HR, IKT og flyktingteneste. Administrasjonen har i budsjettet også ein del fellespostar som fordelast i rekneskapen ved årsslutt, deriblant premieavvik og løn til fordeling. I administrasjonsavdelinga ligg også m.a. arkiv, informasjon og kommunikasjon, personvern og innkjøp.

Flyktingtenesta er eit tverrfagleg samarbeid som går inn i alle tenestene i kommunen, spesielt oppvekst og teknisk, men også helse og omsorg. Frå administrasjonen si side blir flyktingtenesta styrt overordna, og inntektene blir fordelt etterskotsvis i tråd med prosjektrapportering på flyktning. I staben har vi tilsett eigen tolk i 100% som vert nytta inn mot våre ukrainske flyktningar.

Overordna mål

- Innbyggjarane skal få ei positiv oppleving i møte med kommunen.
- Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar og samarbeidspartnar.

- Kommunen skal ha fokus på innbyggjar-dialog og samhandling med frivillige og næringsliv.
- Sande kommune skal saman med nabokommunane løfte Søre Sunnmøre som region.
- Vi skal skape tillit og optimisme i Sande og vere ei drivkraft for utvikling og innovasjon.

Viktige hendingar

Kongeparet kom på besøk!

2022 vart eit stort og ærefullt år i Sande, då sjølvaste kongeparet vårt kom på besøk i strålende sol ein fineværsdag i august. Kongebesøket vart ein folkefest utan sidestykke, og dagen gav oss fine minner å tenke tilbake på i mange år framover. Kongeskipet låg på blikstille sjø i solnedgang medan kongeparet fekk oppleve ein storarta konsert på land. Vi fekk jamvel attendemelding frå sikkerheitsstyrkane som møtte opp at arrangementet vårt var spesielt godt gjennomført sett frå deira side.

Kommunen har no gjennomført det første heile rekneskapsåret i nytt skybasert økonomi/HR og lønssystem, i samarbeid med dei andre seks kommunane på Søre Sunnmøre. Denne endringa, saman med fleire andre digitale oppgraderingar i andre fag-system har vore med på å gjere kommunen heildigitalisert.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
100-Folkevalde	3 521	4 149	2 575	-1 574	-61,1 %
120-Sentraladministrasjon	15 893	20 026	23 154	3 128	13,5 %
130-Premieavvik	-7 600	-11 791	-9 016	2 775	30,8 %
140-Avsett lønnsvekst	0	0	611	611	100,0 %
Sum	11 814	12 384	17 325	4 941	28,5 %

Kommentar til status økonomi

For politisk og administrasjon har året totalt sett kome ut med eit mindreforbruk på kr. 4.941.000,- I denne totalen ligg fleire sentrale føringar som påverkar resultatet i sektoren, og som difor må sjåast i samanheng. Her ligg nemleg både premieavviket og lønspott som ein del av føringane som påverkar resultatet.

Premieavviket kom ut med ei meirinntekt ift budsjett på kr. 2.700.000,- medan lønspotten i 2022 kom ut med ei ekstraordinær mindreutgift på kr. 611.000,- Denne ekstraordinære potten er lønsoppgjeret til oppvekstsektoren, som grunna brot i forhandlingane med Utdanningsforbundet vart utsett og ikkje avgjort i 2022.

Resten av administrasjonen, beståande av politisk ansvar, kommunedirektørs leiargruppe, IKT, flyktningsstenesta og økonomi- og administrasjonsavdelinga, kjem ut med eit samla mindreforbruk på kr. 1.554.000,- i 2022. Årsaka til mindreforbruket er m.a. knytt til vakansar i fleire administrative stillingar i store delar av 2022. Kongeparbesøket medførte ei meirutgift på ansvar for folkevalde.

Det har blitt jobba ein del med sjukefråvær spesielt på individnivå, og kommunen har nytta m.a. bedriftshelsetenesta og NAV aktivt som samarbeidspartnarar i dette arbeidet. I tillegg har trepartssamarbeidet vore ein fin kanal til å samordne og kvalitetssikre forholdet mellom arbeidsgjevarsida, verneombod og arbeidstakarorganisasjonane.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
IKT	3 750	506	800	506 Forsinket
Nye møblar kommunestyresal	163	162	163	162 Ferdig
Sum	3 913	668	963	668

Oppvekst og kultur

Sjukefråvær

Fråvær i %	1. 2019	2. 2019	3. 2019	1. 2020	2. 2020	3. 2020	1. 2021	2. 2021	3. 2021	1. 2022	2. 2022	3. 2022
20 Oppvekst og kultur	10,56	7,76	9,18	12,1	9,24	5,7	8,07	10,39	9,57	10,7	8,7	8,2

Det totale sjukefråværet i OPK-sektoren er litt lågare enn førre år, men framleis høgt. Sjukdom med korona påverka drifta på vårparten, mange tilsette var difor vekk frå arbeid i februar/ mars. Langtidssjukemelding i nokre av einingane gjev utslag. På hausten var sjukefråværet mindre.

Skildring av tenesteområde

OPK-sektoren i Sande har ambisjonar om å tilby tenester som i kvalitet og omfang stettar krava i lover og forskrift der vi konkurrerer med andre kommunar, og gjev dei unge stabilitet slik at dei ser inn i ei positiv framtid. Vi ynskjer god ressursutnytting med stabil, føreseieleg og tilstrekkeleg økonomi.

OPK-sektoren er barnehage, grunnskule, PPT, kultur, kulturskule og bibliotek.

Overordna mål

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barnet sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig leik

Skulane skal ha eit raust og støttande miljø som gjev grunnlag for positiv kultur der borna vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling

Alle barn og unge skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel ut i frå egne føresetnadar

Elevmedverknad må prege skulen sin praksis som innebere medansvar i læringsfellesskapet

Skulen og andre i "laget rundt eleven" må saman med elevane skape eit inkluderande fellesskap

OPK-sektoren må legge til rette for at elevane har føresetnadar for god gjennomføring i vidaregåande opplæring

OPK-sektoren må gjennomføre PALS systematisk i barnehagar og skular med fokus på verdiane ansvar, omsorg og respekt

Saman må vi:

- Skape trivsel for alle: barn, unge, foreldre og tilsette
- Oppfylle lov og forskrift
- Drive god rekrutteringspolitikk og syte for kompetent personale i alle avdelingar
- Legge til rette for kompetanseutvikling i ein lærande organisasjon med refleksjon i kollegiet, og oppfordre til og gje støtte til vidareutdanning
- Vidareutvikle kompetansesatsinga i regionen (dekomp, rekomp og kompetansekløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis)
- Vere målretta i ressursbruk og vise budsjettdisiplin
- Syte for fleksibel bruk av ressursar for å gje hjelp og støtte der det til ei kvar tid trengst
- Tilby barnehageplass til dei som har rett og behov
- Gje likeverdig tilbod til alle i kommunen
- Syte for eit rikt og variert kulturtilbod

Viktige hendingar

Born og unge i kommunen får gode tenester frå barnehagane og skulane. I barna sitt miljø er det læring, meistring og trivsel i lek, aktivitetar og fag. Forventningar frå barna, deira føresette og forvaltningsoppgåvene som ligg til sektoren innebære hektiske kvardagar. Det er fokus på kvalitet i alle ledd.

Styrarane rapporterer om nøgde barn og foreldre. Alle i Sande fekk barnehageplass, men ikkje slett alle i den barnehagen dei primært søkte på. I dei barnehagane det er ledig kapasitet har det vore løpande inntak samtidig som det utløyser behov for meir personale. Tilstrekkeleg bemanning er sentralt for å drive forsvarleg. Styrarane opplever bemanningsnorma som knapp, den gjev lite rom for førebuing av det pedagogiske arbeidet og nødvendig utviklingsarbeid. Arbeidspresset har vore høgt og einingane har arbeida med 10 faktor. Det er utfordrande å skaffe kompetente vikarar og barnehagane har til ei viss grad prøvd ut litt høgare grunnbemanning for å lette problemstillinga med vikar som er opplevd positiv.

Barnehagane har medviten satsing på språk, realfag og PALS (positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) som viser igjen i barnehagane sine aktivitetar. Språk og realfag er sentralt i den pedagogiske aktiviteten i kvardagen. Trygging er sentralt og informasjon til foreldre er viktig, i år var det gjennomført "foreldreskule" for heile kommunen i overgangen mellom barnehage og skule. Foreldre vart invitert til møter for etablere kontakt mellom foreldre, og mellom foreldre, skule og hjelpeinstansar som PPT, helsestasjon, fysioterapeut og psykolog .

I skulane gjorde elevane det godt fagleg skuleåret 21/22, basert på standpunktkarakterar og nasjonale prøver. (Eksamen var avlyst for tredje året på rad). Trivselen held seg generelt stabilt når vi tyder elevundersøkinga i haust. Undersøkinga elles tyder på at ein må setje fokus på læringskultur, motivasjon og støtte som er understøtta av "Ung-data " og data for graden av implementering av PALS. Skulane har regelmessig besøk av helsesjukepleiar og det vert jobba med å utvikle det tverrfagleg samarbeidet.

Det var gjennomført sommar-SFO på Larsnes med deltaking av born frå Larsnes og Gursken.

Lærartettleiken er høg samanlikna med landet i sin heilskap. Samtidig er det stor variasjon i dei ulike klassetrinn som gir utfordring for rektorane når dei skal fordele knappe ressursar funksjonelt og lovleg, til dømes individuelle rettar og føringar for lærarnorm og kompetansekrav. Sande kommune har stabil arbeidskraft og dyktige medarbeidarar. Det er lagt vekt på å stimulere til auke av kompetanse. Staten legg føringar for kompetanseutvikling gjennom to ordningar, den eine er kompetansetiltak i tilskotsordninga med vidareutdanning og den andre er lokal kompetanseutvikling i partnerskap med Høgskulen i Volda. I ordninga er det svært få som kjem gjennom nålauge til Utdanningsdirektoratet. Det er stadig nye fag/emne som er relevant for å heve kompetansen i skulen og vi kunne ynskje at fleire fekk tilrettelegging. Dette arbeidsåret er det spesialpedagogikk og programmering som har blitt prioritert. I den lokale kompetanseutviklinga er satsinga språk i barnehagen og lesing i grunnskulen, eit arbeid som er gjennomført saman med to nabokommunar.

Sande kommune har forplikta dei tilsette til å arbeide målretta med BTI/ BTS (betre tverrfagleg samhandling) og PALS. Det er arbeid som er viktig, nyttig og som viser effekt når det vert jobba systematisk. For at dette skal vere verknadsfullt må nye personale ha opplæring og dei andre oppfølging, samskaping og felles forståing er metoden for å få dette til. Nettverksarbeid er ein føresetnad. For einingane er det krevjande å prioritere dette når ein står med utfordringar i mangel på folk som kan vere vikarar i tillegg til forventning om halde budsjett. I haust kom det sterkare føringar for det førebyggjande arbeidet som følgje av Oppvekstreformen og her er kommunen på etterskot.

Kommunikasjonen med heimane er gjennomført i tradisjonelle former som foreldremøter, i haust var det felles foreldremøte med Barnevakten og nettvett som tema. Vidare er det utviklingssamtalar og meir løpande kommunikasjon via Edlevo som er nytta til samhandling. I skulen nyttar foreldra tilhøyrande app til søknadar og melding om fråvær. Avtalen med Edlevo som leverandør går ut og i 2023 vil det bli naudsynt med nytt.

Kultur har fått oppblomstring etter pandemien. Folk ser ut til å trenge møteplassar. På biblioteket er det registrert fleire lånarar og det er lagt opp til samarbeid med andre blant for å arrangere språk-kafè. Kulturaktivitetane er mangfaldig. I kulturskulen er dei kreative og utviklar nye aktivitetar som er spennande og lærerikt. Ungdommen si kulturmonstring er eit døme på yrande kulturaktivitet blant dei unge. Det er inngått avtale med Friluftsrådet om Stikk Ut. Det er i år tilsett ein ungdomsarbeidar som legg vekt på å møte ungdommane på deira sin arena.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
200-PPT kontor	2 164	2 670	2 433	-237	-9,8 %
210-Oppvekst felles	1 949	2 482	2 348	-134	-5,7 %
220-Gjerdsvika oppvekstsenter	2 342	3 599	2 495	-1 105	-44,3 %
230-Haugelia barnehage	5 608	6 783	6 385	-398	-6,2 %
240-Gursken oppvekstsenter	15 202	17 194	16 403	-792	-4,8 %
250-Larsnes oppvekstsenter	10 904	11 437	10 998	-439	-4,0 %
260-Sandsøy oppvekstsenter	863	1 127	992	-135	-13,6 %
270-Kvamsøy oppvekstsenter	7 536	7 784	7 615	-169	-2,2 %
280-Hauemarkja barnehage	7 526	8 289	8 025	-264	-3,3 %
290-Kultur felles	324	868	839	-29	-3,4 %
291-Kulturskulen	1 405	1 451	1 446	-5	-0,4 %
292-Biblioteket	925	929	908	-21	-2,3 %
Sum	56 748	64 614	60 887	-3 727	-6,1 %

Kommentar til status økonomi

Sektoren samla gjekk på eit meirforbruk på 3. 726. 809,- fordelt på 12 ansvarsområde. Underskotet startar med at rammene i budsjettet vart omlag 7 millionar mindre enn stipulert framført frå året før (og det utan at det var lagt til nye tiltak, pris- og lønnsauke og pensjonskostnader). Ser ein på rekneskapa for sektoren over tid viser det at det er kutta store beløp. Utan strukturelle grep for innsparing har det ikkje vore handterleg å halde budsjett i 2022. Sektoren har meldt frå om at flatt kutt i sektoren ville føre til mange lovbrøt som ikkje er eit fagleg forsvarleg alternativ og det bryt med barn sine rettar. Lærarnorm i skulen og bemanningsnorm i barnehagen regulerer omfanget av stillingar og ressursar ute i einingane for å gi barn støtte og hjelp ut frå deira sine føresetnader (den statlege norma er enkelt forklart ein vaksen pr 3 barn under 3 år, ein vaksen pr 6 barn under 6 år. I småskulen utløyser 15 elevar fleire lærarar og i ungdomsskulen er det 20). Flatt kutt i sektoren ville medføre færre barnehageplassar, kortare opningstid, stengde barnehagar ved sjukdom, avvik frå individuelle vedtak, brøt på lærarnorm og bemanningsnorm, reduksjon på tenester innanfor kultur som er på eit minimum, dårlegare kvalitet på tenestene og høgare press på personale.

Omfanget av timar har vore på eit fagleg minimum og difor har det vore nødvendig med meir ressursbruk når ekstra behov oppstår. Resultatet i 2022 gjenspeglar konsekvensane av reduksjon i budsjett og det har ikkje vore handlingsrom for å hente inn innsparingar utan å bryte med Barnekonvensjonen, Barnehagelova og Opplæringslova.

Samtidig som det ikkje har vore reelle moglegheiter for sparing på ressursane til læring har sektoren opplevd ei auka forventning til levering av tenester i form av fleire barnehageplassar, press på opningstid i barnehagane, gratis kjernetid i SFO, foreldre som vel privatskule og privat barnehage i andre kommunar, sommar-SFO, redusert foreldrebetaling og oppretting av stilling, alt dette har medført auke av utgifter. Inntektspostane som foreldrebetaling SFO og barnehageplass var for høgt budsjettet då det er innført gratis kjernetid og redusering av satsane for barnehageplass.

Leiarane har gjort ein flott jobb for å begrense underskotet og det skal dei ha honnør for.

PPT kontor

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

PPT skal hjelpe skulen og barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og elevar med særleg behov. Det inneberer å utarbeide sakkunnig vurdering der lova krev det. I skulen kan det vere når det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte, ved for tidleg eller utsett skulestart, ved opplæring på alternativ arena, ved forsering i skuleløpet eller fritak frå delar av opplæringslova. I barnehagen kan det vere når barnet si utvikling er forsinka og ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon.

Viktige hendingar

Barnekonvensjonen krev at sakshandsaming ikkje skal ta langt tid. Barn har anna tidsperspektiv enn vaksne. Sakshandsaminga skal vere effektiv, barnevennleg og lett tilgjengeleg. Barnet sitt beste er ein rett, eit generelt prinsipp og ein regel for sakshandsaming.

PPT arbeidar førebyggjande ved å bidra i foreldremøter, ulike kurs og foreldreskule i overgangen mellom barnehage og skule. Saman med helsestasjon tilbyr vi psykologisk førstehjelp på mellomtrinnet. Dette er drive ved kartlegging, opplæring og nettverk. Ved etterspurnad bidreg tenesta med innlegg/informasjon for personalgrupper.

I det tverrfaglege samarbeidet har vi regelmessig samarbeid med helsestasjon, og PPT deltek i ressursgruppe for barn og unge. For barn under skulealder vert helsestasjon involvert når PPT får tilmelding.

PPT har innarbeid nye rutinar for å fremje barnet si medverknad i det arbeidet som vi utfører etter gjeldande lovverk. Det betyr at vi startar våre oppdrag ved å vere saman med barnet på deira sin læringsarena. Artikkel 12 "retten til å bli høyrte" er gjort synleg ved å dokumentere barnet sine meiningar og vurderingar. Sakkunnig vurdering er ein prosess der barnet, foreldre og barnehage/skule er delaktig og det utfordrar tenesta i å vere effektiv. Oftast møter vi alle involverte i løpet av kort tid, vi har rask responstid i oppstart som er nyttig og viktig med tanke på å få setje i gong tiltak raskt. Fullføring av ein del sakkunnig vurderingar kunne ha vore raskare, samtidig har vi kontakt med partane og orienterer om framdrifta. Frå barnet er 12 år tilbyr vi og støtter barnet til å vere med på møter som vedgår dei. Sakkunnig vurdering er skrive med eit språk som skal vere lettforståeleg og meir barnevennleg med mindre fagspråk enn tidlegare, slik "veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandling" legg opp til. PPT gjer barnet si beste vurdering i alle sakkunnige vurderingar jmf. artikkel 6 i barnekonvensjon.

PPT sitt mandat om kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge til rette for barn med særleg behov spenn vidt. PPT er med i dekomponering og rekonstruksjon for skule og barnehage. I 2022 gjennomførte vi opplæring i kartleggingsverktøy om inkludering. Det er varsla at statlege pedagogiske støttesystemet (Statped) skal ta mindre oppdrag og kommunane får auka kompetansebehov. PPT vil ha behov for å auka kompetanse på spesialpedagogiske fagområder som følgjer av dette.

Ein tilsett på kontoret er PALS-rettleiar som er ein skuleomfattande modell for å fremje gode læringsmiljø. I det tverrfaglege arbeidet BTS har PP-rådgjevar vore prosjektleiar aleine og saman med ein frå oppvekstkontoret. Ein annan PP-rådgjevar gjennomfører PMTO foreldrerådgjeving.

Frå 01.03.21 hadde vi samarbeid med PPT Herøy om leining og kompetanseutvikling med intensjon om å få til felles drift av PPT for begge kommunane. Dette vart avslutta 01.08.23.

Kommentar til status økonomi

I planlegging av budsjettet var lagt til inntekter for sal av rådgjevartjenester heile året som vart berre for 3/4 av året. PPT har dette året hatt meirarbeid med drifting av to kontor, ein pp-rådgjevar som hadde meir ansvar for BTS/ BTI enn planlagt og det var utført arbeid utover fleksitid for å rettleie/informere i foreldremøter og oppfølging i personalmøter i barnehagane. Framover vil det vere ei utfordring å svare for lønnsutgiftene. Tenesta ser ei utvikling av auka kostnader for programvare og service av programvare fagprogram til sakshandsaming.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 819	3 126	2 916	-210	-7,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	170	186	245	59	24,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12	9	0	-9	0,0 %
Overføringsutgifter	22	30	30	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	3 022	3 350	3 191	-159	-5,0 %
Refusjoner	-571	-605	-758	-153	20,2 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-288	-75	0	75	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-858	-680	-758	-78	10,3 %
Netto resultat	2 164	2 670	2 433	-237	-9,8 %

Gjerdsvika oppvekstsenter

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

Gjerdsvika barnehage ligg sentralt i Gjerdsvika med fjell og fjøre som næraste nabo, som gjev oss gode og spanande tur moglegheiter. Barnehagen består no av to avdelingar, ein småbarnsavdeling og ein storbarnsavdeling. Vi avslutta 2022 samla sett, med 18 born og 26 plasser. Vi har tilgang til gapahuk, gymsal og ballbinge som står til fri bruk i barnehagetida.

Viktige hendingar

Vi investerer mykje tid gjennom året på å bli kjend med nye born og foreldre. Når vi ikkje har fylt opp barnehageplassane ved oppstart, har vi inntak i løpet av året når det er behov. Dette inneber også eit behov for å endre tal på tilsette i løpet av året. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som til tider tar tid frå andre oppgåver/aktivitetar i barnehagen. Det er eit viktig arbeid som gjerast her, for å gjere born og foreldre trygge i barnehagen. Vi tek med glede i mot dei som vil starte i Gjerdsvika barnehage.

Hausten 2022 starta vi opp med to avdelingar. To av klasseromma i det gamle skulebygget vart måla og innreia for å kunne ta i mot ein gjeng med born og foreldre i august. Dette har vore positivt for gruppa. Dei eldste har fått meir plass til å bolte seg utan å heile tida måtte ta omsyn til dei små, og dei små fekk meir ro og plass til å bevege seg rundt på eiga hand. Vi har fellestid om morgonen og ettermiddagen og då får dei moglegheit til å verte kjend og dei store kan hjelpe, og leike med dei små.

Vi arbeidar heile tida for å ha ei utvikling for å verte betre på å drive ein god barnehage. Nokre av satsingsområda har vi hatt med oss over fleire år og nokre er nye. *PALS* (positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er eit godt verktøy i samhandling mellom barn-barn og barn-voksen. *Rekomp* (regional ordning for kompetanseutvikling) driver vi i lag med Høgskulen i Volda og samarbeidskommunar. Vi har i 2022 her hatt ei satsing på språkarbeid. Målet er å heve kompetansen til dei tilsette i barnehagen. *BTS* er eit godt og lokalt tilpassa verktøy til å kartlegge barn med ulike utfordringar og vi jobbar med implementering av det. *10 faktor* - eit verktøy for å følgje opp medarbeidarundersøking. Eit godt arbeidsmiljø påverkar oss også i det daglege arbeidet med borna. Vi er heldige som har samarbeid med BUP småbarnsteam 4 gongar i året. Der får vi høve til å drøfte generelle spørsmål knytt til psykisk helse blant born under 5 år.

Bemanning er svært sentralt i drifta av ein barnehage. Bemanningsnorma er i utgangspunktet for snever for å ha kapasitet til å jobbe etter sentrale føringar og for å ha nok tilsette til å ta godt vare på borna og drive ei pedagogisk verksemd. Dette gjeld også Gjerdsvika barnehage.

Det er svært utfordrande å få tak i kompetente tilkallingsvikarar og vikarar for korte/ lengre vikariat. For å halde barnehagen open til ei kvar tid, har det har vore ei rekke ombytingar av personale, som igjen gjer at andre arbeidsoppgåver har vorte lagt til side/ utsett. Dette er til dømes plantid for dei pedagogiske leiarane og assistentane og styrer oppgåver. Noko som igjen går utover det pedagogiske arbeidet.

Borna som skal starte på skule har ei førskulegruppe dei møtast i og har aktivitetar tilpassa gruppa og som er skule førebuande. Det var også felles avslutningstur for alle førskuleborna i Sande, til Atlanterhavsparken i Ålesund. Det er også i 2022 gjennomført felles foreldreskule i kommunen for dei foreldra som har skulestartarar. Her er PPT, helsestasjon, fysio. kommune psykolog og skule også inne.

Det viktigaste for oss er å ha borna i fokus og gje dei det dei treng og skal ha i løpet av ein dag. Dei skal ha ein dag fylt med opplevingar, læring, glede og trygge vaksne som er der når dei treng det.

Kommentar til status økonomi

Gjerdsvika barnehage er ein liten barnehage der vi har hatt ledige plassar gjennom heile året. Dette gjer at born kan få plass når dei ynskjer, noko som er viktig for familiene dette gjeld. Dette igjen fører til at det er vanskeleg å budsjettere lønningar for året som kjem og ha oversikt over kva behovet vert. Når barnetalet endrast, endrast også behovet for tilsette. Bemanninga har vore dekt opp etter bemanningsnorma, med vikarar og einingsleiar inn på avdeling (utfordrande å få tak i kompetente vikarar). Heile oppvekstsektoren er underbudsjettert og det gjeld også vår barnehage. Det er eit behov for diverse materiell og utstyr for å drive ei pedagogisk verksemd.

I august 2022 opna vi ei ny avdeling for å få dekt behovet vi har for plasser til nye born. Dette gjorde at det hausten 2022 vart eit behov for fleire tilsette. Det er heilt klart ikkje nok å ha ei grunnbemanning for å ha ei forsvarleg bemanning heile opningstida.

Sjukefråværet har også ein påverknad på budsjettet med tanke på vikarbruk.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 692	4 225	2 951	-1 274	-43,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	147	319	290	-29	-9,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	1	1	100,0 %
Overføringsutgifter	30	72	72	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	2 869	4 616	3 314	-1 301	-39,3 %
Salgsinntekter	-328	-555	-474	81	-17,1 %
Refusjoner	-199	-368	-345	23	-6,5 %
Overføringsinntekter	0	-68	0	68	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-527	-1 016	-820	197	-24,0 %
Netto resultat	2 342	3 599	2 495	-1 105	-44,3 %

Haugelia barnehage

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20230	Haugelia barnehage	4,50 %	0,50 %	5,00 %

Sjukefråværet i Haugelia barnehage i 2022 viser eit korttidsfråvær på 4,5% og langtidsfråvær på 5,0%. Det vert jobba fortløpande med å redusere sjukefråværet på eininga.

Skildring av tenesteområde

Haugelia barnehage er ein toavdelingsbarnehage og vi har totalt 34 barn (46 plassar). 22 barn på Leikekroken (storbarnsavdeling) og 12 barn på Armkroken (småbarnsavdeling). Seks av plassane er på dispensasjon, då vi eigentleg er godkjende for 40 plassar. Likevel har vi fortsatt ei lang venteliste. Per 31.12.22 var vi 12 tilsette inkludert reinhaldar.

Verksemda vår er basert på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåve. Desse to dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat. Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverktøy for personalet og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

Innanfor desse rammene har leiarane våre, i samarbeid med sine medarbeidarar og barna på avdelingane, stor handlingsfridom. Dei brukar seg sjølve, sin kunnskap og erfaring for å skape gode dagar fulle av gode barndomsminne, tilpassa det einskilde barn.



Foto: Lisbeth Nykrem

Viktige hendingar

Haugelia barnehage er ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum. Vi har fokus på gode, trygge og stabile rammer for barn, foreldre og tilsette. Dagane er prega av glede, humor, lek og trivsel. Barna får gode læring- og utviklingsmoglegheiter og vi vaksne utviklar oss i takt med samfunnet.

Utan god **omsorg** og **leik**, kan vi ikkje fremje **læring** og **danning**. Desse fire nøkkelorda går hand i hand, gjennom alle aktivitetar i barnehagen.

Vi har gjennom heile året jobba medvite med vaksenrolla, i tillegg til autoritativt klima og den autoritative leiaren, som er alle dei vaksne på avdelinga. Indre motivasjon og rolleklarheit er fokusområda i 10-faktor dette året. Vi har brukt arbeidsmetoden IGP og alle tilsette har vore delaktige. Vi har såleis fått med alle i satsinga og vi har eit godt arbeidsmiljø i Haugelia barnehage. Dette har vi også fått stadfesting på gjennom tilbakemelding frå foreldra og vikarar.

Sande kommune er også ei realfagkommune og ei PALS-kommune. I tillegg jobbar barnehagane med Rekomp, som er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og barnehagar i Ulstein- og Herøy kommune. BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling er også eit satsingsområde i kommunen. I denne satsinga gjer vi oss nytte av eit reiskap som heiter Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), ein utarbeidd handlingsrettleiar som skal sikre at alle får den hjelpa dei treng, på det nivå som trengst og på tvers av tenestestrukturen i kommunen. BTI-modellen skal sikre tidleg innsats, samordna tenester og brukarmedverknad.

Vi samarbeider med mange instansar for å kunne gi barn det beste i tida fram til skulestart og sikre tidleg intervensjon for barn med ulike behov. Våre samarbeidsinstansar er PPT, barnevern, helsestasjon, skulen og BUP. I haust starta vi også eit samarbeidsprosjekt med Kulturskulen og Gursken skulekorps. Eit tilbod der 5-åringane i barnehagen blir introdusert for blåseinstrumentet «pBuzz».

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Eit godt foreldresamarbeid, der ein respekterer kvarandre og tolererer kvarandre sine meningar og ynskjer, er viktig.

Vi har som mål å gi eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod, og bidra til ein meningsfull oppvekst uavhengig av funksjons-nivå, bustad, sosial-, kulturell- og etnisk bakgrunn. Vi er opptekne av å vere ein lærande organisasjon med eit aktivt tilhøve til kompetanseutvikling. Vi er stolte over det vi har fått til i Haugelia barnehage, samtidig som vi er opne for å utvikle oss vidare.

Kommentar til status økonomi

Når det gjeld økonomi så har Haugelia barnehage brukt noko meir pengar enn det var budsjettert for. Dette grunna behov for utskifting av større inventar og eit prøveprosjekt med meir bemanning frå hausten. Ei generell prisauke på alle innkjøp er også noko vi har merka godt. Grunna store avdelingar kan vi ikkje slå i hop avdelingane dersom vi har færre personale ein dag, i tillegg har dei tilsette plantider, møtetidspunkt (Pals, Rekomp m.m.) og vi har ei bemanningsnorm i barnehagen som vi er nøydd å forhalde oss til. Det er difor viktig at vi til ei kvar tid har nok personale på jobb og vi håper at vi får fortsette med å overbemanne vidare. Ifht overbemanninga vil eg presisere at dette ikkje gjeld heile dagane, men kun delar av dagane. Vi har diverre hatt litt sjukefråvær, men då har det vore heilt avgjerande at vi har hatt tilsette som kan hjelpe til på tvers av avdelingane. Det er også utfordrande å få tak i vikarar. Nok bemanning fører til kraftig reduksjon i vikarbruken, mindre slitasje på dei faste tilsette, meir vaksne til stades, meir kvalitet i arbeidet ein gjer og vi blir ein betre organisasjon i heilheit.

Generelt meiner eg at vi har for lavt budsjett då vi ikkje har økonomi til å kjøpe inn nye leiker og anna pedagogisk materiell. Vi er ei pedagogisk verksemd og må ha det som trengst for å drive med pedagogisk utviklingsarbeid. Då tenkjer eg både på nok midlar til innkjøp av pedagogisk materiell og nok tilsette - noko som er avgjerande for at vi skal kunne vere ei godt fungerande pedagogisk verksemd.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 436	7 738	7 592	-146	-1,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	322	471	359	-112	-31,0 %
Overføringsutgifter	52	95	95	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	7 810	8 303	8 046	-257	-3,2 %

Salgsinntekter	-1 221	-1 223	-1 452	-230	15,8 %
Refusjoner	-980	-234	-209	25	-12,0 %
Overføringsinntekter	0	-39	0	39	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 202	-1 520	-1 661	-141	8,5 %
Netto resultat	5 608	6 783	6 385	-398	-6,2 %

Gursken oppvekstsenter

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20240	Gursken oppvekstsenter	3,20 %	5,80 %	9,00 %

Sjukefråværet ved Gursken oppvekstsenter var i 2022 høgt på våren, men hausten 2022 har vi hatt låge tal. Det er gledeleg å sjå. Koronapandemien sette sitt preg på skulen våren 2022 (jan-mars). Mange tilsette fekk korona og var borte frå arbeid nokre dagar eller ein kort periode. Skulen hadde høgt sjukefråvær og det var krevjande dagar for dei som var på jobb.

Etter påske betra situasjonen seg og hausten har vore veldig bra. Vi jobbar for at alle skal trivast på jobb gjennom å ha felles aktivitetar for dei tilsette. Vi set pris på eit godt måltid i lag og ein sjokoladeknupp gjer godt i ein travel kvardag. Vi har fokus på å gjere kvarandre gode og å snakke med kvarandre. Leiinga er tett på både elevane og dei tilsette.

Vi har faste drøftingar og trepartsmøte. Dette er trygt og forutsigbart for alle partar.

Høgt nærvær gir oss gode moglegheiter til å utvikle oss i den retningen vi ønskjer.

Skildring av tenesteområde

Gursken oppvekstsenter er ein 1-10 skule med om lag 130 elevar. Det er 26 tilsette ved skulen.

Skulen sitt overordna mål er å gi elevane eit trygt skulemiljø som bidreg til meistring og utvikling både fagleg og sosialt.

Visjonen til skulen:

"Gursken saman for trivsel og læring". Vi har tre hovudreglar (Pals): Vis respekt! Vis ansvar! Vis omsorg! Målet er at alle elevane skal trivast og utvikle seg. Vi jobbar også med å skape eit positivt arbeidsmiljø der det tilsette trivst og utviklar seg.

Dette gjer vi for å nå måla:

- Innføring av LK20/ Fagfornyninga.
- Tydelege læringsmål og god klasseleiing. Felles opplevingar.
- Satsing på lesing
- PALS

- Samarbeid i team og i fellesskap. Godt skule-heim-samarbeid. Tverrfagleg arbeid.
- Kompetanseheving; vidareutdanning for lærarar i regi av Udir.
- 10-faktor

Viktige hendingar

Aktivitet og resultat i 2022:

Elevtalet pr. 31.12.22 er 128 i elevar i 1.-10. klasse og på SFO har vi 24 elevar. Det er ei lita auke i elevtalet. Elevane trivst ved skulen og vi har ein flott gjeng elevar frå 1.-10. klasse. Dei tilsette står på tidleg og seint for dei unge. Skulen har fokus på god klasseleiing, relasjonsarbeid og lesing. Vi skal utvikle oss både kollektivt og individuelt. Felles opplevingar er viktig. Vi gjennomførte flotte arrangement på kveldstid før jul for både barne- og ungdomsskulen. Solfesten i februar er ei flott oppleving for barneskulen og volleyball-turnering for ungdomsskulen er topp.

Edlevo (tidlegare Tieto) har fungert godt det siste året. Kommunikasjonen mellom skule og heim går i stadig større grad via Edlevo, og foreldra har teke i bruk appen og melder inn både fråvær, søker om fri og sender meldingar gjennom denne. Skulen brukar også e-post i kommunikasjon med foreldra.

Koronapandemien sette sitt preg på skulen våren 2022 (februar og mars). Mange tilsette fekk korona og var borte frå arbeid nokre dagar eller ein kort periode. Skulen hadde høgt sjukefråvær og det var krevjande dagar for dei som var på jobb.

Eksamen vart avlyst for tredje året på rad våren 2022.

Også sommaren 2022 blei det gjennomført sommar-SFO på Larsnes skule og det var born frå Larsnes og Gursken som hadde plass.

Det var kjekt å få vere med å feire besøket til kongeparet. Stor stas for både små og store.

Viktige samhandlingspartar gjennom skuleåret har vore PPT, helsestasjonen, og BUP i Volda. Godt tverrfagleg samarbeid er viktig for å hjelpe elevane og dei føresette best mogeleg. Vi har kome godt i gang med BTS (betre tverrfagleg samhandling), og dei tilsette nyttar verktøyet i arbeidet med dei unge. Dette er eit godt verktøy for oss. Arbeidet med å kome tidleg inn i sakene vert også prioritert (tidleg innsats).

FAU har bidrege på fleire område, og mellom anna har dei arrangert dugnader. Uteområdet på skulen har vorte oppgradert med fleire nye leike-apparat (barneskulesida). Dette er populære tiltak. Elevråda er også aktive ved skulen.

Fleire av klassene ved skulen har fast tur-dag ein dag i veka, og dette er kjekke og positive tiltak som både gjer det mogleg å leggje til rette for meistring og gode opplevingar for alle elevane.

Kommunen har kjøpt inn programmeringsutstyr til skulen. Det er veldig kjekt og spanande. Vi har brukt litt av utstyret allereie.

Det er også gledeleg at symjinga er på plass att for elevane i 5. og 6. kl.

Økonomi:

Skulen har eit underskot også i år. Det er løn til dei tilsette som pressar budsjettet. Skulen har tilsett noko ekstra på grunn av auka behov for spesial-pedagogiske tiltak i elevgruppa. Undervisning til minoritets-språklege elevar er også ressurskrevjande, men naudsynt og viktig for at dei unge raskt skal lære seg norsk og føle seg inkludert ved skulen og i klassa. I haust fekk vi dei første flyktningane frå Ukraina.

Oppsummering:

Gursken oppvekstsenter har auka elevtal. Elevane ser ut til å trivast og det er trygt å vere her. Det er fokus på læring, trivsel og meistring. Dei tilsette og leiinga er tett på elevane. Vi set inn tiltak tidleg. God dialog med elev og foreldre er viktig.

Kommentar til status økonomi

Ligg høgt på fastløn (10100) grunna auka behov i elevmasse både spesialpedagogiske tiltak, minoritetsspråkleg undervisning og lærarnorm (lovpålagte oppgåver). Dette var avklart før skulestart hausten 2021, og følgjer heile skuleåret.

Vi reduserte med to stillingar hausten 2022, men framleis ligg vi høgt. Det er vanskeleg å forstå korleis vi skal drifte og utvikle ein skule med enda knappare midlar.

Vi prøver å halde bruken av overtid (10400) så låg som mogeleg. Det er ikkje gunstig for organisasjonen å bruke mykje overtid. Det fører til slitasje over tid. Våren 2022 måtte vi bruke dei som var tilgjengelege. Det var få vikarar og stort fråvær.

Vi har i 2022 prioritert lærebøker (11051) og lisensar (11052) slik at lærarane har verkty å bruke i undervisninga. Vi har brukt i overkant av 50% av budsjettet som er sett av til skulebøker. I tillegg har rektor bestemt at vi skal ha felles opplevingar med måltid. Av den grunn så har vi brukt meir pengar enn budsjettet på matvarer (11150).

Reinhaltsartiklar (11203) har vorte vesentleg dyrare enn først berekna, og vi har kjøpt ekstra (særleg våren 2022) på grunn av korona.

Vi kjøper tenester inn mot undervisning for vaksne flyktningar (13500). Dette medfører ein del kostnader, men er naudsynt sidan vaksenopplæringa i kommunen er lagt ned.

Stor kostnad til leirskule i mars og april grunna etterslep på grunn av korona. 4 klasser har vore på leirskule. Felles opplegg for kommunen. Det fungerte fint. Leirskule er ei lovpålagt oppgåve. Vi har også utgifter inn mot grøn omsorg(13700).

Det er auke i tal elevar på SFO, så inntektene vil auke noko, men reduksjon av inntekter pga gratis SFO gjer at brukarbetalingane går ned (16000).

Vi har stort sett fått dei refusjonane som vi har forventa, men manglar ein god sum på refusjon frå staten (17000). Dette heng saman med endra tilskot inn mot vaksenopplæringa.

Gursken oppvekstsenter går noko over budsjett. Dette er det klare årsaker til. Det vil vere naudsynt å gå gjennom behova til skulen og vurdere kva som vil vere eit tenleg nivå. Samtidig må kommunen dekke spesialpedagogiske behov og undervisning til minoritetsspråklege elevar. Eit trygt og godt arbeidsmiljø er også punkt som er viktig å prioritere framover.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	17 445	17 456	16 258	-1 197	-7,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	723	802	1 263	461	36,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	157	1 729	1 690	-39	-2,3 %
Overføringsutgifter	96	112	111	-2	-1,4 %
Finansutgifter	401	0	2	2	97,0 %
Sum Driftsutgifter	18 821	20 099	19 324	-775	-4,0 %
Salgsinntekter	-354	-325	-398	-73	18,3 %
Refusjoner	-3 148	-2 149	-2 507	-358	14,3 %
Overføringsinntekter	-2	-6	-16	-11	65,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-115	-425	0	425	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 619	-2 905	-2 922	-17	0,6 %
Netto resultat	15 202	17 194	16 403	-792	-4,8 %

Larsnes oppvekstsenter

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20250	Larsnes oppvekstsenter	2,10 %	4,30 %	6,40 %

Sjukefråværet har vore som forventa, men det er likevel slik at dette kan vere utfordrande då det både er vanskeleg å skaffe kvalifiserte vikarar og knappe budsjett.

Skildring av tenesteområde

Larsnes oppvekstsenter hadde ved års-slutt 70 elevar, og av desse var det om lag 25 % med framandspråkleg bakgrunn. Blant dei tilsette finn vi ti pedagogar, tre fagarbeidarar, to rein-haldarar og ein rektor.

Skulen har også eit SFO-tilbod, og ved års-slutt var det 18 born som nytta seg av dette tilbodet.

På skulen vert det arbeidd for at elevane skal oppleve læring, meistring og inkludering. PALS er eit viktig reiskap for skulen til å skape gode læringsmiljø for alle elevane.

Årleg gjennomfører skulen Elev-undersøkinga, og denne gir oss ein peikepinn på område vi lukkast med, samstundes som den seier noko om kva område vi må halde fram med å utvikle oss på. Blant områda vi har satsa på er elevmedverknad, og på skulen vår er elevrådet eit viktig talerøyr for elevane sine ynskje og interesser.

Også sommaren 2022 blei det gjennomført sommar-SFO på Larsnes skule og det var born frå Larsnes og Gursken som hadde plass. Nytt denne sommaren var at personalet på sommar-SFO var både frå Larsnes oppvekstsenter og Gursken oppvekstsenter.

Skulen har eit godt samarbeid med fleire eksterne aktørar, og blant desse kan ein nemne helsestasjon/helsesjukepleiar, PPT og SSIKT, FAU ved Larsnes skule har i ein årrekke stått på og arbeidd for eit triveleg skulemiljø og ute-område for elevane.

Viktige hendingar

Års-hjulet til LAO legg føringar for dei ulike aktivitetane vi tek føre oss gjennom skuleåret, og i det finn vi aktivitetar som skal vere med på å gje betre læring, meistring og trivsel for elevane våre.

Kommunen har i samarbeid med andre kommunar arbeidd med å få på plass ein ny leseplan, og to av våre dyktige lærarar har vore med på dette arbeidet. I forlenginga av det arbeidet, har vi på Larsnes skule gjennomført fleire leseprosjekt i året som har gått. Skulen har også eigen dag for både norsk – og matematikkfaget.

Nytt i 2022 var pilotprosjektet inn mot sjølvberging i og ved vatn. Dette har vore veldig populært både blant elevar og tilsette. Prosjektet held fram utover våren 2023, og skal evaluerast før sommarferien.

På hausten fekk vi nokre nye elevar frå Ukraina, og dei har funne seg godt til rette på skulen og får norskopplæring nokre timar kvar dag med eigen pedagog.

Fleire av klassene ved skulen har ute-skule eller fast tur-dag ein dag i veka, og dette er kjekke og positive tiltak som både gjer det mogleg å leggje til rette for meistring og gode opplevingar for alle elevane.

Gjennom året har vi hatt fleire aktivitetar som skaper trivsel for elevane, og blant desse finn ein karneval, skule-lunsjar, fjellturar, sommarfest, julefest og markeringar knytt til ulike høgtider og nasjonaldagar.

Kommentar til status økonomi

Økonomistatus etter revidert budsjett:

Ved sist tertialrapportering (sep 2022) viste framføring av budsjett at eininga ville få eit samla meirforbruk på kr 1 175 000,-.

Eininga blei ved budsjettrevideringa tilført kr 898 843,-

Differansen mellom framført budsjett og tilførte midlar ved revidering er på kr -276 157,-

Ved års-slutt viste det seg at eininga hadde eit meirforbruk på kr -357 507,-

Meirforbruket i høve til framføring blei til slutt på kr -81 345,-.

Dei største avvika:

Lønn:

Overtid: Eit avvik på kr -91 957,-

- Dyre vikarar (lærarar i 100% stilling) - då det er vanskeleg å finne kvalifiserte vikarar.
- Sjukefråvær - akutt - som gjer at ein må bruke lærarar som allereie er i 100% stilling.

- Flyktningar frå Ukraina som gjer at ein må legge om timeplanen for å sikre tilgjengelege timar til grunnleggande norsk opplæring med kvalifisert personell.

Lønn reinhald: Eit avvik på kr -78 301,-

- Det var ikkje lagt inn vikarpott på denne posten i utgangspunktet.
- Reinholdar ved skulen gjekk over i anna mellombels stilling.
- Korttids-sjukefråvær.

Drift:

- I driftsdelen av budsjettet ligg eininga fint innan for budsjett.
- Avvik på ein del av underpostane - og ompostering ville ha gitt eit ryddigare bilete.
- Auka digitalisering i skulen krev meir ressursar til digitalt utstyr og læremiddel - noko som også er ferskvare.
- Skulen hadde behov for fleire elev-pcar då vi fekk fleire elevar - samt behov for å skifte ut nokre av dei eldste pc-ane.
- Meirforbruk på nokre av underpostane kan også forklarast med behov for å supplere med undervisningsmateriell generelt.

Kjøp av produksjon:

Dette kan forklarast slik:

- Våren 2022 var elevane i 6. og 7. klasse på leirskule. Leirskulekostnader har skulen anna kvart år.
- Leige av buss i samband med leirskule, symjeopplæring i Ulsteinvik og kulturelle aktivitetar for elevane.
- Helseopphald for elev med behov og lærar/fagarbeidar som har vore med på delar av dette opphaldet.

Brukarbetaling

- Brukarbetalinga i 2022 har blitt mindre enn det som var budsjettet.
- Frå august 2022 fekk 1. klassingane 12 t/v gratis kjernetid på SFO, noko som reduserte brukarbetalinga.
- Vidare var det færre elevar (blant 3.og 4.kl) som søkte om SFO-plass denne hausten.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 373	11 176	10 818	-358	-3,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	594	816	972	157	16,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	13	108	32	-76	-242,1 %
Overføringsutgifter	94	124	124	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	12 074	12 223	11 946	-277	-2,3 %

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Salgsinntekter	-369	-301	-484	-183	37,8 %
Refusjoner	-801	-458	-463	-5	1,1 %
Overføringsinntekter	0	-1	0	1	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 170	-786	-948	-162	17,1 %
Netto resultat	10 904	11 437	10 998	-439	-4,0 %

Sandsøy oppvekstsenter

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

Sandsøy barnehage består av barnehage, og SFO er samlokalisert der.

Hovudoppgåva til Sandsøy barnehage er å yte tenester i samsvar med barnehagelova og rammeplan for barnehagar.

Sandsøy barnehage har tre barn i barnehagen per. 31.12.22. Dei tilsette i barnehagen utgjer 2,3 årsverk. Einingsleiar har ansvar for Kvamsøy oppvekstsenter og Sandsøy barnehage.

I 2022 har vi arbeidd med:

- Tydelege læringsmål og god leiing
- Samarbeid, initiativ, ansvar
- Satsing på lesing og nynorske bøker
- Kompetanseheving

Viktige hendingar

Det har i 2022 vore eit samarbeid om ReKomp mellom Herøy, Ulstein og Sande, og Høgskulen i Volda. Dette leseprosjektet har hatt gode ringverknadar i barnehagen. Det er eit auka fokus på lesing og nynorske bøker, samt eit fokus på språk.

Kommentar til status økonomi

I august 2022 vart det gjort ei budsjettregulering der Sandsøy barnehage blei tilført kr 70.000. Likevel blei det eit underskot i 2022 på kr 135.000.

Dette skuldast fyrst og fremst:

- Auka bruk av personale. Sjølv om det er få barn i barnehagen må dei tilsette føle seg trygge. Dei vaksne skal ikkje vere åleine på avdelinga meir enn tre timar samanhengande. Det er heller ingen andre på bygget enn dei som jobbar i barnehagen.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	878	1 093	924	-169	-18,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	81	91	118	27	22,7 %
Overføringsutgifter	16	20	20	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	975	1 204	1 062	-142	-13,4 %
Salgsinntekter	-54	-51	-50	2	-3,7 %
Refusjoner	-59	-26	-20	6	-27,6 %
Sum Driftsinntekter	-113	-77	-70	7	-10,6 %
Netto resultat	863	1 127	992	-135	-13,6 %

Kvamsøy oppvekstsenter

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20270	Kvamsøy oppvekstsenter	0,70 %	6,50 %	7,20 %

Sjukefråværet ved Kvamsøy oppvekstsenter er på 7,2%. Langtidsfråværet på 6,5% og korttidsfråværet på 0,7%. Langtidsfråværet skuldast to tilsette som har vore ute i langtidsjukemelding. Slik vi ser det er det lite fråvær, men grunna få tilsette vert prosenten høg.

Skildring av tenesteområde

Kvamsøy oppvekstsenter består av Kvamsøy skule, Kvamsøy SFO og Kvamsøy barnehage.

Hovudoppgåva til Kvamsøy oppvekstsenter er å yte tenester i samsvar med krava i opplæringslova med forskrift, og å yte tenester i samsvar med barnehagelova og rammeplan for barnehagar.

Kvamsøy oppvekstsenter er eit lite oppvekstsenter med 27 elevar, frå Sandsøy, Voksa og Kvamsøy, frå 1.-10. trinn per 31.12.22. Det er tre elevar i SFO, og seks barn i barnehagen.

Tilsette i skulen og barnehagen utgjer til saman 9,3 årsverk. Einingsleiar har ansvar for både Kvamsøy oppvekstsenter og Sandsøy barnehage.

I 2022 har vi arbeidd med:

- Innføring av LK 20/Fagfornyninga
- Satsing på lesing og nynorske bøker
- Tydelege læringsmål og god klasseleiing
- PALS
- Samarbeid, initiativ, ansvar
- Kompetanseheving; vidareutdanning for lærarar i regi av Udir

Elevundersøkinga vert gjennomført årleg i skulen, og den gir oss eit innblikk i kva vi lukkast med, og kva område som kan utviklast og forbetrast.

Oppvekstsenteret har eit godt samarbeid med fleire eksterne aktørar. Blant desse kan ein nemne helsestasjon/helsesjukepleiar, PPT og SSIKT.

Viktige hendingar

Årshjulet og aktivitetsplanen legg føringar for aktivitetar gjennom året, som skal skape samhald, læring og trivsel. Gjennom året har vi gjennomført fleire aktivitetar, som felles lunsj, karneval og ulike turar i nærområdet.

Våren 2022 gjennomførte vi leirskuleopphald for mellomtrinnet og ungdomstrinnet ved dei tre skulane i Sande kommune. Vi opplev at elevane vart betre kjent med kvarandre på tvers av einingane, og at dette er positivt også for fritida.

Uteområdet ved Kvamsøy oppvekstsenter treng oppgradering, og det er søkt om tippemidlar til aktivitetsløype. Reknar med at den er på plass i løpet av 2023.

Det har i 2022 vore eit samarbeid om ReKomp mellom Herøy, Ulstein og Sande, og Høgskulen i Volda. Dette leseprosjektet har hatt gode ringverknadar i barnehagen. Det er eit auka fokus på lesing og nynorske bøker, samt eit fokus på språk.

Kommentar til status økonomi

I august 2022 vart der gjort ei budsjettregulering der Kvamsøy oppvekstsenter blei tilført kr 440.000. Likevel blei det eit underskot i 2022 på kr 170.000 .

Dette skuldast fyrst og fremst:

- Budsjettert med refusjon frå staten i samband med vidareutdanning. Ingen frå Kvamsøy fekk ta del på vidareutdanning, og då blei det ikkje inntekter på dette.
- Refusjonar frå andre kommunar blei mindre enn budsjettert – elevar flytta.
- Det blei mindre inntekter i høve eigenbetaling og matpengar, fordi to av barnehageplassane vart oppsagde – eine frå januar 2022, og den andre frå august 2022.
- Det er blitt høgare forbruk av lønsmidlar enn det som var budsjettert. Dette gjeld auka bruk av assistent i skulen og i barnehagen, auka bruk av spesialundervisning og lønn i høve følgeordning. Ofte må vi bruke lærarar i full stilling til vikartimar på grunn av vikarmangel. Dette er sjølvsagt ei økonomisk dyr ordning, men pedagogisk ei betre ordning enn å bruke vikarar som ikkje kjenner elevane.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	9 192	8 768	8 792	24	0,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	386	423	600	177	29,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4	44	74	31	41,3 %
Overføringsutgifter	60	70	70	-1	-0,8 %
Finansutgifter	0	0	0	1	133,3 %
Sum Driftsutgifter	9 642	9 305	9 537	232	2,4 %
Salgsinntekter	-267	-282	-333	-51	15,4 %
Refusjoner	-1 839	-1 213	-1 589	-376	23,7 %
Overføringsinntekter	0	-1	0	1	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 106	-1 521	-1 922	-401	20,8 %
Netto resultat	7 536	7 784	7 615	-169	-2,2 %

Hauemarkja barnehage

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20280	Hauemarkja barnehage	2,50 %	10,70 %	13,10 %

Sjukefråværet er høgt og må jobbast med. Det totale sjukefråværet frå 2022 var på heile 13,1%, og det kan forklarast med m.a. mange "sykjer" som fylje av covid-restriksjonar. Som så mange andre, vart Hauemarkja barnehage råka av coronabølga på vårparten 2022. Det utgjorde mange sjukdagar, elles har det vore mykje sjukdom i etterkant av koronatida og redusert immunitet som i resten av landet. Det er likevel langtidsfråværet som er høgt og som vi må jobbe med å redusere. Knapp bemanning påverkar sjukefråværet og det igjen påverkar dei som er att. Auka bemanning vil derfor truleg påverke sjukefråværet i positiv retning.

Skildring av tenesteområde

Hauemarkja barnehage er ein 4-avdelings barnehage som er godkjent for 76 plassar. Hauemarkja er lokalisert på Larsnes like ved Sandetun omsorgssenter. Det er kort veg til skog, turveg, gapahuk, strand og sentrum.

Vi hadde pr. 31.12.22 50 barn fordelt på 70 plassar, og 16 tilsette fordelt på 14,6 årsverk. Alle tilsette er kvinner, med unntak av ein av vikarane som er ein ung mann. Vi har 4 barnehagelærarar og ein pedagog på dispensasjon. Vi har ein vikar som er utdanna barnehagelærar. Vi hadde to fagarbeidarar og 6 assistentar. I tillegg har vi reinhaldar i 60 % og einingsleiar i 100 %.

Viktige hendingar

2022 vart året då vi kom attende til normalen etter eit par år med covid og mange restriksjonar. Det vart også året då mange tilsette var mykje sjuke, slik som resten av landet.

Vi har to storbarnsavdelingar og to småbarnsavdelingar. På dei små avdelingane er det tilvenning av nye born stort sett heile barnehageåret. Dette krev tid, ressursar, "stadig rykke tilbake til start" og tilpassingar.

I Hauemarkja barnehage jobbar vi med PALS slik som dei andre barnehagane i Sande. Vi set fokus på ønska åtferd og forsterkar det positive. Til tross for at vi har jobba med PALS i mange år, ser vi verdien av reinnæring sidan vi får inn nye tilsette utan grunnopplæringa. I Palsarbeidet har vi kommunalt nettverk, der vi jobbar med ulike tema og fokusområder. Dette arbeidet er svært nyttig, og viktig at det vert opprettheldt. I PALS-arbeidet har ein jobba mykje med Steg for Steg for at borna skal kunne kjenne att både eigne og andre sine kjensler og setje ord på dei.

Sande kommune er realfagkommune, og vi har fokus på realfag. Dette kjem i uttrykk i val av periodebestemte tema, samt gjennomgåande fokus på m.a. matematiske omgrep.

Vi er i 3-kløversamarbeid med Herøy og Ulstein når det gjeld Rekomp og språk og språkutvikling, og vi har jobba mykje med nynorske bøker, rim, reglar og det siste halvåret ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon). Vi har hatt ulike aksjonar innanfor ulike tema der vi har jobba intensivt med t.d. samlingsstund som språkstimulerande arena.

Vi har også starta på ei rekkje med leiarsamlingar med Linda Viddal, noko som er svært positivt for pedagoggruppa, som også er leiargruppa i barnehagen.

Vi har laga gode planar for 10-faktor. Det har likevel vore utfordrande å jobbe med sidan det ikkje har vore tema på overordna nivå, og har derfor ikkje vore så aktivt jobba med som vi hadde tenkt.

2022 vart året då tverrfagleg samarbeid verkeleg vart ein realitet. BTS er eit godt og lokalt tilpassa verktøy til å kartlegge barn med ulike utfordringar. Vi opplever BTS som nyttig og vi jobbar med implementering av det.

Vi er heldige som har samarbeid med BUP småbarnsteam 4 gongar i året. Der får vi høve til å drøfte generelle spørsmål knytt til psykisk helse blant born under 5 år.

Då vi kom attende til ein normal kvardag etter covid, kunne vi igjen besøke Sandetun omsorgssenter og vere Livsgledebarnehage. Dei aller yngste borna er på besøk på sjukeheimen kvar mandag, og dei eldste borna er på besøk på Øya kvar andre mandag. Dette set både borna og dei på sjukeheimen stor pris på, og det er stas å sjå relasjonane som vert skapt mellom små og eldre.

På vårparten i 2022 vart alle barnehagane samde om å ha felles Foreldreskule for førskuleforeldra. Dette vart to samlingar på rådhuset og tilbagemeldignae var gode. PPT, helsestasjon, kommunepsykolog og fysio tok del, i tillegg til rektorane og styrarane. Vi gjennomførte også felles avslutningstur til Atlanterhavsparken for førskuleborna.

Det mest spesielle i 2022 var nok då kongeparet var på vitjing i Sande. Ei jente og ein gut frå Hauemarkja barnehage fekk gleder av å gje blomster til Kongen og Dronninga og det var stor stas. Vi vart også representantar for Livsgledeheim, sidan vi har tett samarbeid med Sandetun.

To av borna vart intervjuet og fekk helse på Kongen og Dronninga. Alle borna som tok del på arrangementet var gode representantar for borna i Sande.

Grunnbemanninga er eit stadig drøfta område. Ein ser i praksis at grunnbemanning ikkje er nok for å ha forsvarlege dagar. Det er eit gap på 2 timar pr. dag mellom arbeidstid og opningstid, noko som fører til lav bemanning morgon og ettermiddag. Det er utfordrande å utføre lovpålagt plantid for både pedagogar og andre tilsette; det er for krevjande å ta tilsette ut av avdelingane utan å erstatte dei med andre. På ei normal avdeling utgjer dette 6 timar pr. veke, altså nesten ein arbeidsdag.

I sjukdomsperiodar opplever vi at det er svært vanskeleg å få tak i kompetente vikarar. Mangel på vikar fører til at plantid går ut og ein får ikkje gjort det ein skal. Styrar må også gå på avdeling, og det går utover det administrative arbeidet. Alt i alt fører vikarmangel til eit dårlegare pedagogisk tilbod og ved stort fråvere går det også på det forsvarlege tilbodet til borna.

Ut på hausten starta vi prosessen med utvide barnehagen med tanke på å ta i mot flyktningbarn. Vi fekk born frå krigsherja Ukraina frå desember, og jobba fram mot å bemanne og utruste Elveromstova som eit tilleggsareal til Mautua. Det nye arealet fekk namnet Blåklokka, og vert omtala som ei avdeling, men er altså eit rom/areal i tilknytning til Mautua som er den utvida avdelinga. Dette var krevjande arbeid som kom opp på alt det andre, og ein tenkjer ved eit anna høve må det organiserast på ein annan måte.

Vi fekk til å rekruttere ein nyutdanna barnehagelærer, noko vi har behov for og er svært glad for. Vi fekk også ein utdanna barnehagelærer til den nye avdelinga, og ho vart tilsett frå 01.01.23. Det vart dermed gjort eit godt arbeid i høve å rekruttere utdanna pedagogar.

Kommentar til status økonomi

Hauemarkja barnehage har jamnt over full dekning av plassar. Vi har tidvis venteliste, og tidvis litt ledig kapasitet. Det er ofte litt ledig tidleg på hausten, så fyllest barnehagen opp litt etter litt etterkvart som borna startar på ønska tidspunkt. Vi har dermed tilvenning av nye born fordelt utover heile året; alt etter når permisjonane er slutt og foreldra skal i jobb igjen. Dette har fungert fint, og vi tilpassar oss etter søknadsmengd og dato for oppstart. Det er også etter behov born på småbarnsavdelingane vert flytta over til storbarnsavdelingane; vi tenkjer ei fleksibel løysing for alle er best slik at vi får plass til flest mogleg born - i tråd med vedtektene for opptak av born.

Ein fyl jamnt over bemanningsnorma, med unntak av litt ekstra i høve plantid for pedagogar og særskilde behov. Det er heilt klart ikkje nok med kun grunnbemanning for å ha ei forsvarleg mengde personale heile opningstida. Ved fråvær kan ein av og til nyte godt av å vere ein litt stor barnehage med fleire avdelingar, og flytte personale mellom avdelingane, men oftast vil ein trenge vikar ved fråvær. Det er utfordrande å få tak i kompetente vikarar, og ved fråvær og manglande vikartilgong må pedagogane jobbe på avdeling i plantida si, eller einingsleiar gå på avdeling. Dette tek vekk tid frå anna arbeid, og ein må ta att pedagogisk planarbeid og administrative oppgåver på kveldstid. Ved å ha fleksible ressursar i barnehagen som kan flyttast etter behov, vil ein kunne redusere vikarkostnadane, samt at kvaliteten vert betre. Ein vil også ivareta det pedagogiske arbeidet på ein betre måte ved at pedagogane i større grad får ha plantida sin, og einingsleiar ikkje treng å gå på avdeling.

Vi har i periodar hatt mange fleirspråklege born, og erfaring viser at det er naudsynt med spesifikk og tidleg nok språkstimulering for å lære norsk. Dette krev ressursar i form av bemanning og kompetanse, som igjen utfordrar økonomien.

Heile oppvekstsektoren er underbudsjettert, og det gjeld også Hauemarkja barnehage. Ein klarer ikkje å halde budsjettet. Det er behov for diverse materiell og utstyr for å drive ei god pedagogisk verksemd. Leiker og utstyr er viktig for å fremje det pedagogiske arbeidet, men det er lite rom for å fornye slite og øydelagde leiker og bøker. Det er likevel lønnskostnadane som viser att i rekneskapen.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	9 387	10 415	10 050	-365	-3,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	434	483	474	-9	-2,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	2	2	100,0 %
Overføringsutgifter	78	92	92	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	1	1	104,9 %
Sum Driftsutgifter	9 900	10 991	10 619	-372	-3,5 %
Salgsinntekter	-1 513	-1 624	-1 667	-44	2,6 %
Refusjoner	-781	-1 053	-926	127	-13,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-80	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 374	-2 702	-2 593	108	-4,2 %
Netto resultat	7 526	8 289	8 025	-264	-3,3 %

Kultur felles

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

I fylgje kulturlova skal kommunen syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Ein skal syte for føreseielege utviklingskår, fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggje til rett for deltaking i kulturaktivitetar. Personar, organisasjonar og institusjonar skal ha tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Kulturkontoret har ein kulturkonsulent tilsett i 50% stilling. I 2022 vart det oppretta ungdomsarbeidarstilling, og vi fekk tilsett ungdomsarbeidar i 100% stilling i august.

Viktige hendingar

Vi har gjennom året arbeidt for ny oppblomstring av kulturaktivitetar etter pandemiperioden som har vore.

Sande kommune har gjennom mange år hatt stor deltaking og engasjement rundt UKM. Vi hadde mange deltakarar dette året, men med noko mindre breidde enn tidlegare. Samstundes er det eit stort engasjement blant ungdommane som vil vere med å arrangere og utvikle UKM. Fylket har ca 10 unge fylkesarrangørar, og 4 av desse er frå Sande.

Sande kommune har inngått samarbeid med Friluftsrådet og vi har fått på plass StikkUT-ordninga i samarbeid med idrettslaga.

Den kulturelle spaserstokken som er kulturtilbod til eldre, er i hovudsak lagt til "Øya" på Sandetun. Det har vore gjennomført 8 større arrangement med profesjonelle utøvarar. Det vart halde to inspirasjonsforedrag med Gina Nordby til alle tilsette i omsorgssektoren med tema "Å skape glødande øyeblikk i eldreomsorgen"

Det vart tilsett ungdomsarbeidar i 100 % stilling i august 2022. Hovudfokus har vore å skape kjennskap til ungdommane og legge til rette for møteplassar og aktivitet. Dette er i tråd med tilbakemeldingar gjennom bl.a. Ungdatakartlegging.

Det er oppretta frivilligsentral som er organisert under Helse- og omsorg. Frivilligsentralen arbeider tett inn mot frivillige lag og organisasjonar, og har eit tett samarbeid med kultursektoren. I felles samarbeid har det vorte oppretta fleire møteplassar for ulike målgrupper.

Sande kommune har inngått samarbeidsavtale med Larsnes idrettslag som har mottatt midlar frå Bufdir til oppretting av ungdomsklubb. Sande kommune har tilsett 6 ungdommar til å arbeide i klubben saman med ungdomsarbeidar. Lønnsutgiftene til dei tilsette ungdommane vert dekt inn av dei tildelte midlane LIL har fått.

Det vart etablert samarbeid mellom frivilligsentral, kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeidar og kulturkontor, og med auke i ressursar har vi fått moglegheit til å utvikle og utvide kulturtilboda.

Kommentar til status økonomi

Totalen for dei ulike ansvara under kultur viser eit underskot på 3,5 %. Årsaka til dette er at deler av kulturmidlane som skulle utbetalast i 2021 vart utbetalt i 2022. Elles er det balanse i høve oppsett budsjett.

Kulturbudsjettet gir ikkje rom for utviding av kommunale kulturtilbod til våre innbyggjarar. Drift av kulturtilbod er i hovudsak basert på omsøkte midlar.

Oppsummering tiltak

Kultursektoren har gjennom 2022 fått auka ressursar med ungdomsarbeidar, etablert samarbeid med nyoppretta frivilligsentral, og samla kultureiningane med felles mål om eit tverrfagleg samarbeid for å utvikle og styrke kulturtilbod for born og unge og befolkninga elles i Sande kommune.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	332	379	749	371	49,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	39	212	107	-106	-99,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	57	136	0	-136	0,0 %
Overføringsutgifter	131	714	404	-310	-76,7 %
Finansutgifter	0	85	0	-85	0,0 %
Sum Driftsutgifter	559	1 527	1 260	-266	-21,1 %

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Salgsinntekter	-3	-19	-65	-46	70,7 %
Refusjoner	-233	-109	-99	10	-10,1 %
Overføringsinntekter	0	-466	-257	209	-81,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-65	0	65	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-235	-659	-421	238	-56,5 %
Netto resultat	324	868	839	-29	-3,4 %

Kulturskulen

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
20300	Kulturskulen	1,20 %	4,80 %	6,00 %

Sjukefråværet ved Sande kulturskule er relativt lågt. Det er fokus på å legge til rette for ein positiv arbeidskultur og tilrettelegging av det fysiske arbeidsmiljøet. Det er likevel knytt uro til mangel på lyddemping i undervisningsrom/skulebygg.

Skildring av tenesteområde

Sande kulturskule er ein fritids- og opplæringsaktivitet, og ein del av det heilskaplege opplæring- og utdanningsløpet. Kulturskulen er eit lovpålagt skuleslag, forankra i opplæringslova § 13-6 (1997). Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd, 2016) er politisk vedtatt i kommunen og såleis retningsgivande for organiseringa og undervisninga i kulturskulen.

Kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born og unge som ønsker det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnarlege uttrykk.

I 2022 hadde kulturskulen 86 elevplassar fordelt på 70 elevar mellom 8 og 18 år. Kulturskulen hadde 9 tilsette fordelt på 2,22 årsverk. Det var undervisning på skulane i Gursken, Larsnes og Kvamsøy.

Viktige hendingar

Sande kulturskule si kjerneverksemd er godt forankra i musikkfaget. Vi har opplæring på messinginstrument, piano, song, gitar, slagverk og fiolin. Vi kjøper teneste i dans og visuell kunst av Ulstein kulturskule. Breiddeprogrammet er pr. i dag basert på samarbeid med Haugelia barnehage, Gursken skulekorps og UKM/ kulturkontoret.

Gjennom *Kulturmosaikk* er Sande kulturskule, saman med kulturskulane på Sunnmøre, del av eit regionalt prosjekt med målsetting om å etablere fordjupingsprogram for vidarekomne elevar. Prosjektet omfattar også samarbeid med dei vidaregåande skulane (musikk, dans, drama) og Høgskulen i Volda.

I løpet av 2022 deltok elevane i kulturskulen på mange små og store konsertarrangement. Særleg må kongebesøket 31. august nemnast. Her var elevar frå kulturskulen med å bidrog i programmet på folkefesten på rådhusplassen, og under Feel Royal-middagen på Breidablik. Ei fantastisk oppleving!

Hausten starta vi eit samarbeidsprosjekt med Haugelia barnehage og Gursken skulekorps. Eit tilbod der 5-åringane i barnehagen blir introdusert for blåseinstrumentet «*Pbuzz*».

Julekonsert, sommarkonsert, skulebesøk og foreldremøter er faste aktivitetar, også i 2022. I tillegg fekk kulturskulen mange førespurnader om programinnslag frå ulike frivillige lag og organisasjonar.

Lærarane i kulturskulen har fokus på eleven si læring, utvikling og trivsel gjennom systemisk arbeid med heim-skulekontakt og utviklingssamtalen. Vi har hatt fokus på aktivitetar som styrker eleven sin motivasjon gjennom meistring, elevmedverknad og tilhøyrslø. Profesjonsfellesskapet i Sande kulturskule er prega av kontinuerleg refleksjon og forskande tilnærming til eigen undervisningspraksis.

Fokusområde i Sande kulturskule:

- Lærande profesjonsfellesskap og delingskultur
- Undervisning i tråd med rammeplan
- Samarbeid i interkommunale og regionale fagnettverk
- Heim-skule samarbeid
- Samarbeid med barnehage, grunnskule og frivillige lag og kulturorganisasjonar
- BTS (Betre tverrfagleg samhandling)

Sande kulturskule har fokus på å vere ein viktig brikke i laget rundt barnet. Frå hausten 2022 har vi hatt faste fellesmøter med biblioteksjef, ungdomsarbeidar, leiar for frivillegsentralen og konsulent frå kulturkontoret. Målet har vore eit tverrfagleg samarbeid for å utvikle og styrke kulturtilbod for born og unge i Sande kommune.



Pbuzz-prosjektet med 5-åringane i Haugelia barnehage

Kommentar til status økonomi

Økonomistatus for lønn, utgifter og inntekter er i hht budsjett.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 668	1 806	1 736	-70	-4,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	110	103	134	31	22,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	55	58	53	-5	-9,9 %
Overføringsutgifter	10	6	9	3	33,8 %
Sum Driftsutgifter	1 842	1 974	1 932	-41	-2,1 %
Salgsinntekter	-432	-447	-436	11	-2,5 %
Refusjoner	-6	-51	-50	0	-0,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-25	0	25	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-437	-523	-486	36	-7,4 %
Netto resultat	1 405	1 451	1 446	-5	-0,4 %

Biblioteket

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

Sande bibliotek skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i kommunen. Sande bibliotek skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. I vårt tilbod til barn og vaksne skal vi legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.

Viktige hendingar

Det var heldt språkkafé for ukrainske og andre flyktningar på biblioteket i regi av Frivilligsentralen. Utlån og besøkstal på biblioteket har vore stabilt det siste året. Ein velfungerande transportordning gjer at fjernlån er mogleg frå andre bibliotek over heile landet. Det er regelmessige klassebesøk og barnehagebesøk. Det var ei teaterframsyning for barnehagebarn, to forfattarbesøk for vaksne og to forfattarbesøk for ungdom (på skuler) i regi av biblioteket. Fleire nye lånarar har blitt registrert i låneregisteret.

Kommentar til status økonomi

Meirforbruk skyldast auke i pris på forskjellige faste utgifter. Det er bl.a. abonnement på tidsskrifter og aviser, annonser i avis, bibliotektransport (Norsk Bibliotektransport AS) og lisens/bruksrett til biblioteksystemet (Mikromarc/Axiell).

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	563	578	578	0	0,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	362	348	330	-18	-5,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	3	0	-3	0,0 %
Overføringsutgifter	61	58	58	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	986	987	966	-21	-2,2 %
Refusjoner	-61	-58	-58	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-61	-58	-58	0	0,0 %
Netto resultat	925	929	908	-21	-2,3 %

Helse og omsorg

Sjukefråvær

Fråvær i %	1. 2019	2. 2019	3. 2019	1. 2020	2. 2020	3. 2020	1. 2021	2. 2021	3. 2021	1. 2022	2. 2022	3. 2022
30 Helse og omsorg	10,22	10,42	7,59	14,95	15,37	11,98	14,35	16,29	14,16	12,7	12,3	13,4

Sjukefråværet er framleis høgt i Helse og omsorg sektoren. Utfordringar med rekruttering medfører større slitasje på dei tilsette, som igjen medfører auka fråvær. Fokus på tiltak for å auke nærværet.

Skildring av tenesteområde

Gode tenester av dyktige medarbeidarar i helse- og omsorgs sektoren i 2022. Drift og utvikling har gått hand i hand - og utviklinga av tilbodet i Sandetunområdet veks seg stadig sterkare.

Målsettinga om å oppretthalde gode rutinar og eit likeverdig tilbod vart i stor grad nådd i 2022. Tenestekoordinering har gjort eit godt arbeid med pasient-logistikken. Dette har ført til at vi kan ha rett pasient på rett plass til rett tid. Vi har gjennom heile året hatt litt ledig kapasitet både på sjukeheim og i omsorgsbustader, det gjev god kvalitet - og lite ventetid.

Det har vore fokus på rekruttering og kompetanse. Vi har fått på plass ergoterapeut, psykolog, frivilligsentral - og på den måte styrka kompetanse og kapasitet. Samhandlinga med frivillige har vorte styrka gjennom opprettinga av Sande Frivilligsentral.

Ei av dei største utfordringane vert rekruttering. Det har vore stor fokus på mangel av t.d. sjukepleiarar i framtida. Behovet for helsefagarbeidarar ser ut til å vere endå større. Vi slit i dag med for mange ufaglærte og at arbeidsdelinga ikkje er optimal.

Fokus på innhaldet i tenestene har vi særleg fått for dei som bur på omsorgssenteret gjennom Livsglede-arbeidet. Fokus på fysisk og mental aktivitet fekk eit stort løft ved etableringa av Øya - og er no teke vidare på eit meir individuelt nivå gjennom at vi både på sjukeheim og heimetenesta vart sertifisert som Livsgledeheim.

Det har også i 2022 vore arbeidd med Tørn prosjektet som ser på korleis vi kan bruke fagfolk - og organisere oss på ein måte framover i tråd med kvalitetskrav og rammer. Ein har gjennom dette sett at vi kan gjere ting annleis. Dette vert truleg eit avgjerande arbeid framover med det som kan sjå ut som mindre rammer - og meir kamp om arbeidskrafta.

Sjukefråværet er framleis for høgt, i stor grad langtidsfråvær. Dette går utover kvalitet og økonomi. Ein bør vidare arbeide for å få ei meir fleksibel ordning der dette ikkje i så stor grad som i dag pregar tilbodet. Små einingar som helseavdelinga vert særleg krevjande når fråværet vert stort. Vi har hatt eit slikt år i 2022, men mange strekte seg langt og vi greidde å oppretthalde eit godt tilbod.

Vi har framleis eit godt stykke å gå når det gjeld velferdsteknologi, men dette er no eit kontinuerleg arbeid og vurderingar som vert gjort inn mot tenestene.

Vi har gjennom tid etablert eit fantastisk flott område i og rundt Sandetun. Stadig fleire funksjonar ligg nært og utviklinga vidare med ute området vert viktig for vidare utvikling av "Livsglede-konseptet".

Vedtaket om utviding av Sandetun Omsorgssenter gjer at Sande kommune har eit svært godt grunnlag for å gje gode tilbod fysisk i mange år framover. Vedtaket om utviding av Sandetun er viktig og framtidsretta, og vidare tilrettelegging av uteområdet og styrking av m.a. hjelpemiddel og velferdsteknologi vert viktig for å utvikle tenestene på ein måte der ein kan halde kostnadsveksten nede.

Overordna mål

- Gode rutinar for tenestetildeling skal gje likeverdige tilbod og god pasientlogistikk
- Satse på teknologi og kompetanseutvikling for å rekruttere og halde på god arbeidskraft
- Auke livskvalitet gjennom å legge tilrette både ute og inne for aktivitetar til pasientar og brukarar
- Oppretthalde ei god helseavdeling med naudsynt kompetanse
- Meir fokus på rekruttering og intern opplæring

Viktige hendingar

Av viktige hendingar i 2022 så er det tre som står over mange mindre:

1. Sertifisering av sjukeheimen og heimetenesta som Livsgledeheim var eit resultat at eit stort og godt arbeid av svært mange tilsette. Dette er eit fokus på innhaldet i tenestene der vi i Sande er i ferd med å kome langt i høve mange andre kommunar. Dette arbeidet må vidareførast og vere sentral for alle tilsette - og såleis auke livskvaliteten for alle våre pasientar og brukarar.
2. Vidare utbygging av Sandetun viser ei satsing på dette området som vil vere sentralt for det vidare tilbodet som kan gjevast. Denne satsing gjer at det kan driftast på ein rasjonell måte, vi kan bruke kompetanse optimalt, legge stadige nye tilbod inn som t.d. tannlege som no er på plass. Ein må vidare har fokus på å utvikle uteområdet etter den planen som ligg der.

Sentralt må det i all planlegging ta høgde for at det er menneske som bur der - og som likar både hus og hage.

3. Gjennom å vere med i KS sitt pilotprosjekt TØRN så sit sektoren i dag med mykje kompetanse om korleis vi driv i dag - og kva som kan vere alternativ i ei framtidig drift. Økonomi, forventingar og store utfordringar knytt til rekruttering når dei store kulla med eldre kjem inn vert sentralt i utfordringsbilete i åra om kjem framover. Sande Kommune si framtidsretta satsing på Sandetun-området vil vere eit godt utgangspunkt for å finne ei rasjonell drift.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
300-Pleie og omsorg	48 933	51 218	47 591	-3 626	-7,6 %
310-Bu- og habilitering	17 124	20 163	18 228	-1 936	-10,6 %
320-Tenestekoordinerings	6 782	9 112	8 307	-805	-9,7 %
330-Helseteneste	11 953	12 227	12 384	157	1,3 %
Sum	84 792	92 720	86 510	-6 210	-7,2 %

Kommentar til status økonomi

Det vart i 2022 eit stort meirforbruk samla sett i Helse og omsorg.

Helseavdelinga gjekk med eit mindre mindreforbruk, medan dei andre gjekk med meirforbruk. Skilnadar mellom einingane kan vere med bakgrunn i kvar kostnad har vore ført , og budsjettfordelinga - men i hovudsak viser dette dei reelle tal for kvar eining. Nye stillingar er godkjent politisk eller av kommunedirektør.

Helseavdelinga kjem godt ut fordi ein ikkje makta å erstatte stillingar som sto tome p.g.a. fråvær eller at vi ikkje fekk rekruttert. Dette var på alle områda med unntak av helsestasjonen. Ikkje bra for dei tilsette, men bra for økonomien.

I sjukeheim, heimetenesta, bu- og habilitering og teneste koordinering så er kostnader knytt til løn, i stor grad knytt til fastløn ei stor utfordring. Overtid og meirforbruk er i stor grad dekt opp, men er krevjande for tenestene samla sett.

Noke meirforbruk på utgiftssida skriv seg frå auka kostnader som t.d. innkjøp på kjøkken, og nytt tiltak knytt til kjøp av tenester.

Inntektsida står seg bra, m.a i ei auke i kompensasjon på ressurskrevjande brukarar, brukar betaling og sjukepengar.

Dei seinare år har ein vore flink og søkt om midlar til ulike prosjekt, det har vore med at vi har fått rusta opp omsorgssenteret med utstyr,møblar, m.m. - og delvis fått teke tak i uteområdet. Det har og vore med på at vi kan starte arbeidet med Livsgledeheim og utvikle Øya, noke alle kan vere stolte av!

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Sandetun - aktivitetsrom	250	134	250	134 Ikkje vurdert
Sandetun - oppgradering inventar Sandetun	375	114	125	114 Ikkje vurdert
Sum	625	248	375	248

Pleie og omsorg

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
30300	Pleie og omsorg	2,60 %	11,40 %	13,90 %

Sjukefråværet i pleie og omsorg har i 2022 vore 13,9 %, 2,6 % er korttidsfråvær, medan 11,4 % har vore langtidsfråvær, og det aller meste har vore fråvær over 60 døgn. Mykje av fråværet er knytt til operasjonar og muskel/skjelettplager.

Sjukefråværet skaper utfordringar for oss, da vi for å ha ei forsvarlig drift, må ha personell med ei viss kompetanse på jobb. Dette medfører dessverre at vi bruker mykje overtid

Skildring av tenesteområde

Pleie og omsorg yter tenester til menneske som trenger hjelp og bistand både i eigen heim og i institusjon. I hovudsak yter vi tenester til eldre, men har også ein del yngre brukarar, som td får hjelp til intravenøs behandling, sårstell mm.

Målsetjing: Gode rutiner for tenestetildeling skal gi likeverdige tilbod og god pasientlogistikk. Vi skal satse på teknologi og kompetanseutvikling for å rekruttere og halde på god arbeidskraft. Vi skal auke livskvaliteten til brukarar/pasientar gjennom å legge vekt på aktivitetar både ute og inne for pasientar og brukarar.

Heimetenesta:

Tenester til heimebuande vert gitt som enkeltvedtak, og omfattar tenester som medikamenthandtering, utlevering av multidose/dosett, intravenøsbehandling, hjelp til stell/dusj, oppfølging av ernæring, tillaging av mat, levering av mat frå kjøkkenet, reinhald i heimen og tryggleiksalarm

Vi har kreftsjukepleiar som yter tenester til dei som har behov for slik hjelp. Det kan dreie seg om samtalar, rettleiing i høve sjukdom og behandling, og kontakt med sjukehus/spesialistar.

Det er også oppretta geriatriisk team, som yter tenester til brukarar som har utfordringar knytt til kognitiv svikt og demensutvikling. Dette er eit lavterskeltilbod, og vert gitt til heimebuande brukarar.

I 2022 ga vi Helsetenester i heimen til 110 pasientar, Praktisk bistand(heimhjelp) til 67 personar, og Tryggleiksalarm til 56 personar.

Institusjon:

I institusjon vert det gitt langtidsopphald, tidsavgrensa opphald og øyeblikkeleg hjelp tilbod. Langtidsopphald i institusjon omfattar tenester heile døgnet, og hjelpa er tilpassa den einskilde brukar. Tidsavgrensa opphald handlar i hovudsak om rehabilitering etter sjukehusopphald, eller hjelp og støtte til å styrke ulike funksjonar, slik at ein kan reise heim til eigen bustad. Det vert også gitt avlastingsopphald, for å avlaste heimeverande pårørande som har tyngande omsorgsoppgåver.

Vi har i 2022 i periodar hatt ein del ledige rom, men inntektene har likevel lagt på budsjett.

Øyeblikkeleg hjelp opphald vert gitt til pasientar som treng ekstra oppfølging i nokre få dagar, ofte i samband med sjukdom og infeksjonar. Det har vore 20 øyeblikkeleg hjelp opphald til 16 personar.

Viktige hendingar

I 2022 kom vi etterkvart tilbake til normal drift, etter 2 år med Corona.

I september blei Sandetun omsorgssenter sertifisert som Livsgledeheim, dette er vi veldig stolte av. Dei tilsette har jobba godt med prosjektet, og vi har fått på plass rutinar som sikrar den einskilde brukar både individuelle aktivitetar og frisk luft kvar veke. Det gode arbeidet fortsetter, og vi skal resertifiserast kvart år, første gong i september 2023.

Tørnprosjektet vart utvida til å gjelde for heile 2022. Her har ein arbeidd seg gjennom oppgåver, prosedyrer etc, og har komt fram til ein annan måte å utføre oppgåver på, der rett kompetanse, på rett plass til rett tid er hovudfokus. Vi skal fordele oppgåver annleis, og det skal samarbeidast meir på tvers. Vi fortsetter dette arbeidet i 2023, og har som mål å ha meir på plass i løpet av året.

Prognosane viser at Sande kommune frå ca 2025, vil ha fleire eldre innbyggjarar, og færre til å ta seg av dei. Dette prosjektet har vore viktig i så måte. KS har betalt frikjøp av ein person i 50% stilling som prosjektleiar ut 2022.

Den nye strukturen med 4 avdelingsleiarar kom på plass i 2022, den siste avdelingsleiaren i juli 2022, så vi er framleis i startgropa med denne strukturen.

I 2022 har vi fått på plass aktivitetsrommet vårt "Holmen". Dette er eit rom, som skal nyttast til aktivitet og sosialt samvær. Vi har fått på plass ein del utstyr, mellom anna treningsapparat og Motiview. Motiview er innspelte videoar som ein syklar til. Siste rest av inventar er på plass i løpet av første månadane i 2023. Dette er førebels siste del av oppgraderinga som vi har gjort på omsorgssenteret dei siste åra. Omsorgssenteret har no moderne møblar, og ein del utstyr som kan nyttast til aktivitetar og asosialt samvær.

Fråværet har vore ei stor utfordring for Pleie og omsorg i 2022, i tillegg til at vi ikkje har fått søkjarar på stillingar som har vore utlyst, sjølv om det har vore lyst ut 100% faste stillingar. Dette har medført at vi har brukt svært mykje overtid, for å kunne yte forsvarlige tenester til brukarane. Dyktige tilsette som har stått på, har gjort at vi likevel har greidd å yte dei tenestene vi skal.

Kommentar til status økonomi

Regnskap for 2022 viser eit overforbruk i Pleie og omsorg på kr. 3 626 381,-, der det meste er knytt til lønn, og spesielt fastløn og overtid.

Utgiftene knytt til overtid kjem pga mykje fråvær og lite tilgjengelige vikarar. Vi hadde i 2022 både lite søkjarar til ferievikar, og det var ingen kvalifiserte søkjarar til faste 100% stillingar, som helsefagarbeidarar. Overforbruk på fastlønn er vanskeleg å forklare, då vi ikkje har hatt auke i stillingar.

Overtid inneheld både vikarlønn og overtidstillegg. Dette blei endra i 2022, og vil derfor ikkje kunne samanliknast med 2021.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	56 998	59 790	56 219	-3 571	-6,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 686	4 310	4 256	-53	-1,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3	37	0	-37	0,0 %
Overføringsutgifter	944	993	751	-242	-32,3 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	62 632	65 130	61 226	-3 904	-6,4 %
Salgsinntekter	-6 920	-7 344	-7 337	7	-0,1 %
Refusjoner	-6 720	-6 266	-6 140	126	-2,0 %
Overføringsinntekter	-17	-302	-158	145	-91,8 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-42	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-13 699	-13 912	-13 635	277	-2,0 %
Netto resultat	48 933	51 218	47 591	-3 626	-7,6 %

Bu- og habilitering

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
30310	Bu- og habilitering	3,50 %	8,50 %	12,00 %

Sjukefråværet i Bu- og habilitering har i 2022 vore 12 %, der 3,5 % har vore korttidsfråvær og 8,5 % langtidsfråvær.

Sjukefråværet skaper utfordringar for oss, då vi for å ha ei forsvarleg drift må ha personell med ei viss kompetanse på jobb, mellom anna pga tvangsvedtak. Dette medfører dessverre at vi bruker mykje overtid.

Skildring av tenesteområde

Bu- og habilitering yter tenester til ei samansett gruppe, mellom anna ressurskrevjande tenester til brukarar med store behov, tenester innanfor rus/psykisk helse og lavterskeltilbod på Øya til ei stor gruppe brukarar med ulike funksjonsnivå.

I bu- og habilitering er brukargruppa som omhandlar dei som treng omfattande tenester, nokolunde stabil. Tenestene vert ytt etter enkeltvedtak, og det er fleire som har 2:1 bemanning rundt seg, av ulike grunnar. Vi har 10 brukarar i denne gruppa.

Brukarar med utfordringar innanfor rus/psykisk helse har i 2022 auka. Desse brukarane treng bistand i varierende grad. Brukarane har ulike utfordringar, der behovet varierar frå samtale ein gong i veka, eller annan kvar veke, medan andre har behov for dagleg oppfølging. Vi har gitt tenester til innanfor psykisk helse/rus.

Øya opna opp igjen for fullt i 2. halvår 2022, etter å ha vore stengt meir eller mindre i over 2 år. Dette er eit lavterskeltilbod som treff mange brukargrupper, og mange har stort utbytte av å vere til stades. Det vert lagt opp til mange aktivitetar, og alle kan delta, eller berre observere.

Også i bu- og habilitering har vi hatt store utfordringar knytt til fråvær, samstundes som vi ikkje har fått søkjarar til utlyste faste stillingar. Dette har medført at vi har brukt svært mykje overtid, og nokre av arbeidstakarane har arbeidd svært mykje. Bu- og habilitering fikk tilsyn frå Arbeidstilsynet, og har mottatt pålegg om å rette opp og finne løysingar på utfordringane med å overhalde rett arbeidstid for dei tilsette.

I høve rekruttering, har vi arbeidd med å få dei tilsette utan formell kompetanse til å starte på grunnutdanning. Dette vert det arbeidd vidare med.

Viktige hendingar

I 2022 opna vi opp igjen dagtilbodet til brukarane på Utsikta, dette har mange av brukarane stor glede av. Her er aktivitetar både på dag og kveld, nokre dagar i veka.

Den nye strukturen med 4 avdelingsleiarar kom på plass i 2022, den siste avdelingsleiaren i juli 2022, så vi er framleis i startgropa med denne strukturen.

Kommentar til status økonomi

Rekneskap for 2022 viser eit overforbruk i bu- og habilitering på kr. 1 935 606,-, der det meste er knytt til lønn, fordelt på fleire kontoar, både fastlønn, ekstrahjelp faste tillegg og overtid.

Vi har ei auke i inntekter knytt til ressurskrevjande tenester, enn budsjettert.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	42 008	44 535	42 291	-2 244	-5,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 380	813	1 201	388	32,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	690	1 238	580	-658	-113,6 %
Overføringsutgifter	264	845	182	-663	-364,7 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	44 342	47 430	44 253	-3 177	-7,2 %
Salgsinntekter	-20	-2	-2	0	-16,4 %
Refusjoner	-26 566	-26 591	-25 977	614	-2,4 %
Overføringsinntekter	-20	0	-47	-47	100,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-613	-674	0	674	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-27 218	-27 267	-26 026	1 241	-4,8 %
Netto resultat	17 124	20 163	18 228	-1 936	-10,6 %

Tenestekoordinering

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
30320	Tenestekoordinering	3,30 %	9,90 %	13,20 %

Eining Tenestekoordinering hadde eit samla sjukefråvær på 13,2 % i 2022. Av dette var 3,3 % korttidsfråvær og 9,9 % langtidsfråvær.

Dette er ein merkbar nedgang frå 2021, då sjukefråværet samla var 20,6 %.

Det er lite bruk av eigenmeldingar. Sjukefråværet skuldast i stor grad kroniske muskel- og skjelettplagar. Dette er ei utfordring som vi arbeider med å førebygge gjennom innkjøp av utstyr og hjelpemiddel, gode turnusar og jobbrotasjon der det er mogleg.

Det vert arbeidd kontinuerleg med sjukefråværet. Vi ønskjer å avklare arbeidsforhold ved langtidsfråvær gjennom oppfølgingssamtalar med den enkelte. Samarbeid med personalleiar, NAV og bedriftshelseteneste om dette er og viktig.

Noko av sjukefråværet skuldast situasjonar der det er forventa og naturleg at den tilsette treng tid før ein kan kome tilbake i arbeid.

Skildring av tenesteområde

Eining for Tenestekoordinering har fire ansvarsområde: kjøkken, reinhald, forvalting og Sande frivilligsentral.

Mål/visjon for dei ulike ansvara er:

- Kjøkken og reinhald har som mål å gi tenester med god kvalitet tilpassa ei kvar tid gjeldande behov og økonomiske rammer.
- Forvalting har som mål at det skal etablerast ein praksis der det er tydeleg skilje mellom dei som tildeler og dei som yter tenestene. Sakshandsaminga skal vere rettsgarantist for innbyggjarane, avgjerslene som vert tekne skal ha heimel i lov og forskrift. Samarbeid med tenesteytarane skal stå sentralt slik at tenestene ber preg av kvalitet og er fagleg forsvarlege.
- Ergoterapeuten i eininga skal vere med på å finne løysingar når det oppstår eit gap mellom ein person si helse og kvardagens sine krav. Som ergoterapeut hjelper ein til med å gi menneske muligheit til å leve eit aktivt liv.
- Sande frivilligsentral har denne visjonen i vedtektene sine; Saman for å skape eit godt og inkluderande lokalsamfunn med god folkehelse og trivsel for alle. Frivilligsentralen skal vere ein lokal og open møteplass for alle som ønskjer å ta del i frivillig arbeid i Sande kommune.

Kjøkkenet leverer mat til pasientar på sjukeheimen, dei som bur i omsorgsbustadane ved Sandetun omsorgssenter og til brukarar i bygdene. Dei leverer også mat til ulike kommunale møter og private etter evne. Dette behova har auka siste året. Dei tilsette på kjøkkenet er opptekne av å tenke matglede og å tilpasse meny og måltid til pasientane og brukarane sine behov innanfor rammene dei har. Kjøkkenet er ein viktig del av satsinga Livsgledeheim.

Reinhald utfører alt dagleg reinhald på Sandetun omsorgssenter og i delar av bu – og habilitering. På grunn av behov for meir kontorlokale har delar av gamle psykiatrisk vorte teke mellombels i bruk og areal med behov for reinhald har auka. Dei faste reinhaldsressursane er difor styrka.

Kjøkken og reinhald har levert gode og stabile tenester i 2022. Det har vore stabilt personale med god kompetanse både på kjøkkenet og reinhald gjennom heile året. Det har vore god tilgang på vikarar.

Forvalting tek imot og handsamar alle søknadar på helse- og omsorgstenester. Vi fekk inn omlag 300 søknadar i 2022. Vi handsamar også klager på teneste. Generelt har vi lite klager. Forvalting har i 2022 fått knytt til seg ein spesialkonsulent og ergoterapeut i 100% stilling frå februar. Dette har ført til ei positiv utvikling med tanke på kompetanse og kapasitet. Vi legg vekt på brukarmedverknad og god dialog med søkjarane og pårørande. Vi arbeider med å utføre god kartlegging og vurdering før vi tildeler tenester. Vi legg stor vekt på å gi søkjarane rett teneste utifrå det hjelpebehovet dei har.

Vi samarbeider i ulike tverrfaglege møter med å vurdere behova til den enkelte søkjar.

Den nye spesialkonsulenten har ansvar for koordinerande eining som ligg til forvalting. Administrering av den nyleg lovpålagde funksjonen barnekoordinator ligg også til eininga. Det interkommunale nettverket for leiarane i sakshandsaming har også i 2022 fungert godt og vore ei støtte i arbeidet med sakshandsaminga.

Fagleg leiar for lærlingane i Helse og omsorg ligg til einingsleiar i tenestekoordinering. Det er i 2022 starta opp eit arbeid i høve rekruttering og for å få flest mulig til å ta fagbrev i helsearbeidarfaget gjennom ulike ordningar.

Det vart gjort eit stabilt og godt arbeid av konsulenten som er tilsett i Forvalting og som arbeidar på kontoret ved Sandetun omsorgssenter. Ho har m.a ansvar for eigenbetaling for langtids plass i institusjon, fakturering og arbeidsavtalar. Ho utfører oppgåver for alle einingane i Helse og omsorg.

Samarbeidet med dei andre einingane er viktig og det har vore godt. Tverrfagleg samarbeid, dialog og fleksibilitet er stikkord her.

Viktige hendingar

Året 2022 har vore eit positivt år i eining for Tenestekoordinering og for utviklinga av tenestene i Helse og omsorg.

I februar 2022 vart tenestene styrka gjennom tilsetting av ergoterapeut i 100% stilling. Dette er ei lovpålagt teneste som vart lagt til eining for Tenestekoordinering. Ergoterapeuten har ansvar for vurdering av behov for hjelpemiddel, søknadar og opplæring i bruk av hjelpemiddel. Ein annan viktig del i arbeidet er administrering av hjelpemiddellageret og arbeid med satsinga på velferdsteknologi.

I mars 2022 vart Sande frivilligsentral etablert. Dette ansvaret vart lagt til eining for Tenestekoordinering og dagleg leiar vart tilsett i 40% stilling. I løpet har året har stillinga auka til 100% og noko av stillinga har vorte knytt opp mot satsinga Livsgledeheim og arbeidet med flyktningar. Sande frivilligsentral har vore med og starta opp sosiale møteplassar i fleire bygder i Sande i samarbeid med ulike lag og organisasjonar. Dagleg leiar har gjort eit godt arbeid med å nå ut til innbyggjarane i Sande via sosiale medie og med å rekruttere frivillige i alle aldrar til ulike arrangement.

Styrkinga av 100% stilling som spesialkonsulent inn mot sakshandsaming har korta ned ventetida i høve sakshandsaming og utsending av vedtak. Det har også ført til at vi kan arbeide meir systematisk med krav og oppgåver inn mot fagprogram knytt til pasient og brukar. Koordinerande eining og administrering av barnekoordinator er funksjonar som har vore lettare å få på plass på grunn av denne fagkompetansen.

Dei tilsette i eining for Tenestekoordinering har samla sett god kompetanse og gjer eit godt arbeid for å gi gode tenester til innbyggjarane i Sande kommune.

Kommentar til status økonomi

Eining Tenestekoordinering enda opp med eit meirforbruk på 805 000kr i 2022.

Når ein ser på rekneskap for 2022 sett opp mot revidert budsjett 2022 er det drifts- og lønsutgiftene som utgjer det største meirforbruket.

Kjøkkenet på omsorgssenteret hadde størst meirforbruk på matvarer på grunn av stor prisauke i 2022. I tillegg var det ei auke i pensjonsutgiftene KLP.

Reinhald på omsorgssenteret hadde eit meirforbruk på innkjøp av reinhalds-artiklar på grunn av prisauke, i tillegg vikarbruk grunna sjukefråvær og behov for ekstra reinhald.

Forvalting går omlag i balanse.

Sande frivilligsentral vart etablert frå mars 2022. På grunn av endring i forskrift og utsett opptart fekk ikkje Sande kommune tilskot i 2022.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	6 846	8 699	8 372	-327	-3,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 274	2 597	2 305	-293	-12,7 %
Overføringsutgifter	378	429	429	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	-32,6 %
Sum Driftsutgifter	9 499	11 726	11 106	-620	-5,6 %
Salgsinntekter	-1 524	-1 621	-1 675	-53	3,2 %
Refusjoner	-1 193	-948	-1 125	-177	15,7 %
Overføringsinntekter	0	-38	0	38	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-7	0	7	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 717	-2 614	-2 800	-185	6,6 %
Netto resultat	6 782	9 112	8 307	-805	-9,7 %

Helseteneste

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
30330	Helseteneste	1,50 %	15,50 %	17,00 %

Skildring av tenesteområde

Mål:

- Drive så rasjonelt som råd er i avdelinga.
- Arbeide for å ha så brei kompetanse som råd er i avdelinga.
- Arbeide med å skape eit god arbeidsmiljø.
- Ha fokus på innbyggjarane sine behov.

Sande Helseavdeling er liten, med små - og såleis sårbare tenesteområder.

På legesida var utfordringane med mangel på lege stor, og utfordringane med å rekruttere krevjande. Dette vart løyst på slutten året med at vi fekk på plass den tredje legen. Vidare har vi hatt stort fråvær på sekretærsida som har vore løyst gjennom eit godt samarbeid med pleie- og omsorg, men resultert i at vi i stor grad har gått med redusert bemanning.

Det har vore relativt kort ventetid på alle tenestene i avdelinga.

Fråvær har og gjort fysioterapi tenesta litt ustabil i periodar.

Fagleg har ordninga med eiga jordmor, psykolog samarbeidet med Ulstein og Vanylven gjort at vi har brei kompetanse samla sett på helsestasjonen. Vi har i ei periode og hjelpt Vanylven gjennom utleige av jordmor då dei var i ei knipe.

Fysisk har vi fått utvida helseavdelinga sine lokalar. Lokalitetar og utstyr er på eit godt nivå.

Ei stilling meir knytt til helsestasjonen har kome inn gjennom prosjekt og satsing m.a. knytt til barnevern. Dette har vist seg å vere positivt, og viktig - ikkje minst med bakgrunn i dei aukande utfordringane knytt til barn og unge si helse.

Arbeidet med å ta imot flyktningar har vore gjennomført på ein svært god måte av alle involverte.

Små miljø krev stabilitet og kontinuitet både for å oppretthalde kompetanse og arbeidsmiljø. Med dei utfordringane som avdelinga hadde i 2022 har dette vore utfordringa. Dei som til ei kvar tid har vore på arbeid har stått på og strekt seg langt - og tenestene til innbyggjarane har vore i fokus. Eg meiner at vi samla sett har oppretthaldt eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i Sande gjennom arbeidet i helseavdelinga i året som har gått.

Viktige hendingar

Auka satsing på helsestasjon

Styrkinga av helsestasjon med oppretting av ei ny stilling og fysisk tilrettelegging er den store endringa i helseavdelinga i 2022. At vi og fekk på plass eit samarbeid om psykolog med Ulstein og Vanylven var og viktig.

Utfordringar knytt til psykisk helse og fokus på barn og ungdom som har ulike utfordringar ser ut til å vere ei aukande utfordring. I så måte er dette ei rett satsing av Sande Kommune.

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen for Sande Helseavdeling gjekk med eit lite mindreforbruk samla sett i 2022.

Hovudårsaka til det var at vi i periodar gjekk med mindre bemanning på lege, sekretær og fysioterapi enn det vi hadde budsjettert. Fråvær og utfordring med rekruttering er hovudårsak til at det då vart periodar der vi hadde ein lege for lite på jobb, mindre sekretærar og redusert bemanning på fysioterapien. Med mindre bemanning enn budsjettert vart det eit positivt resultat for økonomien.

Det er bra for økonomien, men var krevjande for dei tilsette som stilte godt opp - samarbeid med pleie og omsorg var og viktig for å få det til å gå det til å gå ihop. Over tid vil ein slik situasjon går utover kvaliteten på tenestetilbodet.

Det er såleis mindreforbruk på lege, fysioterapi og litt meirforbruk på helsestasjonen - som samla sett gjev eit mindreforbruk i avdelinga.

Oppsummering tiltak

I budsjettet vart det for 2022 lagt tilrette for oppretting av ei ny stilling på helsestasjon samt utviding av lokala. Dette vart gjennomført slik at vi no har fire stillingar, I tillegg har psykologen som er eit samarbeid med Vanylven og Ulstein vore lokalisert til Helsestasjonen. Utviding av loka gjer at vi har gode lokalitetar for alle både tilsette og brukarar av tenestene i Helse -avdelinga. Samla vart det litt meirforbruk knytt til dette, men samla sett gjekk helseavdelinga i pluss.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	6 377	7 905	7 412	-493	-6,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 856	2 493	2 716	222	8,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 803	5 902	5 263	-639	-12,1 %
Overføringsutgifter	623	642	626	-17	-2,7 %
Finansutgifter	0	0	1	1	80,3 %
Sum Driftsutgifter	14 660	16 943	16 017	-926	-5,8 %
Salgsinntekter	-154	-240	-233	8	-3,3 %
Refusjoner	-2 249	-3 899	-3 401	499	-14,7 %
Overføringsinntekter	0	-457	0	457	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-304	-119	0	119	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 707	-4 717	-3 633	1 083	-29,8 %
Netto resultat	11 953	12 227	12 384	157	1,3 %

Sosialteneste og barnevern

Sjukefråvær

NAV:

Sjukefråværet var 5,9 % for statleg tilsette og 14,6 % for kommunalt tilsette i 2022.

Samla sett var sjukefråværet på 8,2 %.

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid:

Det samla sjukefråværet for året 2022 er 10,74 %. Langtidssjukefråværet er ikkje jobbrelatert. Sjukmelde vert fulgt opp.

Skildring av tenesteområde

NAV:

NAV leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande.

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid:

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. I 2022 har ei budd seg på at Vanylven kommune skal inn i samarbeidet frå 01.01.23.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane i barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Tenesta har eit Familieteam, som arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon Tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følger også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern.

Overordna mål

NAV:

- Fleire i arbeid og aktivitet
- Hindre utanforskap
- Sikre økonomisk tryggleik for utsette grupper
- Bistå bedriftene i rekruttering, omstilling og inkluderingsarbeid

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid:

- Sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverksmøte og familieråd til familiane
- Arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde
- Styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiing i grupper og individuelt, og ved deltaking på ulike kurs
- Ta del i tverrfaglege samarbeidsforum i kommunane

Viktige hendingar

NAV:

Året har vore prega av stor aktivitet der flyktningssituasjonen i samband med krigen i Ukraina har hatt stor innverknad på drifta. Kontoret har hatt eit betydeleg arbeid med å etablere mange flyktningar i våre kommunar. Vi har samarbeida tett og godt med flyktningstenestane i dette arbeidet.

Vi har levert gode og tilgjengelege tenester til innbyggjarane, og hatt fokus på kvalitet og utvikling i brukaroppfølginga.

Vi har starta opp med tidleg innsats i høve sjukefråværsoppfølginga for å forhindre langvarig sjukefråvær og utanforskap.

Samarbeid med andre kommunale tenester har vore viktig for å bidra til meir heilskaplege tenester for dei vi følgjer opp.

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid:

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har prega oss på fleire måter. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Vi har i 2022 tatt del i Bufdir sitt tilbod om tenestestøtte og vil ta med oss dette arbeidet vidare i 2023. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vert overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Reforma er også ei oppvekst-reform der det vert eit auka fokus på samhandling for å kome tidleg inn. Tenesta tek medansvar for denne mellom anna ved å ta del i ulike møter med fokus på samhandling i våre kommunar og ved å delta i BTI/BTS prosessen i kvar kommune. Vi er aktive i Barn og unge helseteneste som er eit prosjekt frå Helse Møre og Romsdal og har også tatt del i KOSIP kartlegginga.

Tenesta har over tid arbeidd bevisst med å gjere arbeidet med undersøkingar meir effektivt og ser no resultat av dette arbeidet. Talet på fristbrot er sterkt redusert i 2022. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå dette målet.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	7 319	8 828	8 420	-408	-4,8 %

Kommentar til status økonomi

NAV:

Ei auke utbetalingar til sosialhjelp er årsaka til avviket i budsjettet. Kommunen busette mange flyktningar i 2022, og dette har i stor grad påverka auka i utbetalingane.

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid:

Det har i 2022 vore ei innsparing på tiltak utanfor familien. Kostnadane for barn i statlege tiltak har så høg pris at dette førar til store endringar både i utgifter og innsparingar. Ein ser også etter kvart effekten av at barnevernstenesta har utarbeidd eit føreseieleg system for godtgjering av fosterheimar.

Kyrkje og næring

Skildring av tenesteområde

Plan og næring styrer prosessane rundt kommuneplanarbeidet. Tilrettelegging av tilskotsordningane knytt til næringsfond og spelemidlar, samt sakshandsaming av søknader knytt til desse ordningane ligg også til ansvarsområdet. Arbeid med tidsaktuelle saker vert fortløpande sakshandsama i form av administrativ korrespondanse, vedtak, eller politiske saksframlegg. Det er soknerådet som opptre på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
500-Kyrkje og trdomssamfunn	2 574	3 121	2 761	-360	-13,0 %
510-Næring	241	-937	-381	556	145,9 %
Sum	2 815	2 184	2 380	196	8,2 %

Kommentar til status økonomi

Innan området 500 er kommunen si overføring til kyrkja, samt kommunen sitt arbeid på kyrkjegardane budsjetttert og bokført.

Området har eit negativt avvik på 360.000 kr. Dette er knytt lønnskostnader kommunen har i samband med arbeid som vert utført på kyrkjegardane (arbeid med graver, sommarvedlikehald, og anna mindre vedlikehaldsarbeid).

Kyrkja utarbeidar eigen årsrapport som skildra aktivitet og økonomisk status.

Innan område 510 er pendlarbåt og bruk av næringsfond budsjetttert dei store postane. Vidare er kostander/inntekter knytt til DÅS, Lufthamnforum, og konsesjonskraft budsjetttert og bokført på området.

Pendlarbåt er eit tenestekjøp frå helseforetaket, og vise eit mindre positivt avvik. Årsaka til dette er noko unøyaktig vurdering av inntekter i samband med revidert budsjett. Tilskotsmidlar til næringsfond samt utbetaling av tilsegn av næringsfond vert kvart år avstemt, og evt ubrukte næringsfondsmidlar vert sett på bunde fond. Størrelsane på slike avsette midlar går fram under hovedposten finansutgifter. For 2022 var avsetninga knapt 600.000 kr.

Kyrkje og trdomssamfunn

Skildring av tenesteområde

Det er soknerådet som opptrer på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga. I kyrkjeordninga § 17 er det slått fast at kyrkjelydane gjennom fellesrådet skal samarbeide om visse oppgåver (innanfor kommunen). Dette gjeld:

- Administrative og økonomiske oppgåver, t.d. koordineringa av budsjettarbeidet på vegner av kyrkjelydane.
- Mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. I dette ligg det bl a å koordinere planane kyrkjelydane har for si verksemd, og å sjå dette i høve til tilgjengelege ressursar.
- Arbeidsgivaransvar (tilsetjingar, ledelse, arbeidsmiljø, stillingomtalar osv.)
- Fremje samarbeid mellom sokna og ivareta ansvaret sokna har overfor kommunen.

Fellesrådet legg tilhøva til rette og hjelper til med å organisere arbeidet i kyrkja lokalt på ein best mogleg måte. Fellesrådet har på mange område fått fullmakt til å gjere sjølvstendige vedtak på vegner av sokna. Fellesrådet er vidare viktig som talerøyr for den felles strategien i kyrkjelydane, og for prioriteringar og økonomi overfor kommunen.

Siste prognosen kommunen har fått frå kyrkja var i samband med kommunen sitt budsjettarbeid. I denne kom det fram at kyrkja sannsynlegvis vil få eit overforbruk på om lag kr. 500.000 i 2022. Kyrkja utarbeidar eigen årsrapport.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	319	565	210	-355	-168,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	6	5	0	-5	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	1	0	-1	0,0 %
Overføringsutgifter	2 252	2 551	2 551	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	2 577	3 122	2 761	-361	-13,1 %
Salgsinntekter	-2	0	1	1	100,0 %
Refusjoner	-2	-1	-1	0	-13,3 %
Sum Driftsinntekter	-3	-1	0	1	-345,9 %
Netto resultat	2 574	3 121	2 761	-360	-13,0 %

Næring

Sjukefråvær

Skildring av tenesteområde

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdal vart avslutta med vedtak på slutten av året.

Prosjektgruppe for Samferdsel avslutta sitt arbeid med vedtak av ny trafikktryggingsplan på nyåret.

Handlingsdelen til delplan for idrett og fysisk aktivitet vart også i 2023 revidert. Basert på denne delplanen vart det i 2022 sendt inn 4 søknader om spelemidlar. Det er pr no ikkje kome tilbakemelding på endelig status på dei 4 søknadane.

Arbeidet med rullering av arealplanen-byggegrenser har hatt bra framdrift i 2022. Ein del utfordringar kytt til utgreiingsbehov har vorte avdekt i prosessen. Gjennom dialog med off.mynde og gode fagmiljø har vi funne fram til arbeidsmetoder og avklart dokumentasjonsnivå med sikremål om å få fullføre det planarbeidet som har vorte oppstarta.

Også i 2022 har det vore midlar i det kommunale næringsfondet. Gjennom 2022 har 3 verksemder søkt kommunalt næringsfond, og det er gitt tilsegn på totalt 250.000 kr.

I 2022 var kompensasjonsordninga for næringslivet vidareført som følge av pandemien (6.tildelingsrunde). Den 6.runden vart annonsert på same vis som dei tidligare tildelingane, men ingen verksemder nytta seg av ordninga. Tildelte kompensasjonsmidler vart dermed tilbakeført i hht gjeldande tidsfristar.

HopplID-ordninga har også i 2022 vore ei tilgjengelig tilskotsordning. Ein søknad har fått tilsegn om HopplID-tilskot. HopplID-kursa er lagt om til nettbasert kurs med 10 korte samlingar gjennom 3 veker. Dei nettbaserte samlingane er tilpassa søkeprosessen, og kurset er med det også eit godt rettleiingstilbod til den enkelte gründer i sitt arbeid med ein HopplID-søknad.

Av andre begivenheiter i 2022 bør konsesjonstildelinga til MOWI i Voravika nemnast – gledelig at arbeidet opp mot Mattilsynet gjennom 5 år endelig gav resultat. Vidare bør tilskotet til bygging av kai i Gjerdsвика hamn nemnast – godt samarbeid med lokalt næringsliv gjennom to søknadsrunde gav til slutt eit fint resultat med 17,1 mill i statlige tilskotskroner til prosjektet.

Arbeid knytt til pandemien vart nedskalert ut gjennom 1.kvartal, og vi avslutta rapporteringa til statsforvaltaren i slutten av februar. Noko rapportering til Hdir fortsette framover 1.halvår. Med Russland si krigføring i Ukraina oppstod det brått ei ny krise med oppgåve som måtte løysast fortløpande. Plan- og næring var med i lag med andre einingar/avdelingar i arbeidet med å organisere og legge til rette for alternativ mottak og busetting av personar på flukt frå Ukraina.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	101	6	13	7	52,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	697	1 123	1 248	126	10,1 %
Overføringsutgifter	1 666	602	784	182	23,2 %
Finansutgifter	266	600	0	-600	0,0 %
Sum Driftsutgifter	2 731	2 331	2 046	-286	-14,0 %
Salgsinntekter	-337	-306	-308	-2	0,7 %
Refusjoner	-175	-231	-233	-2	1,0 %
Overføringsinntekter	-1 318	-2 465	-2 151	314	-14,6 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-660	-266	266	532	200,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 490	-3 268	-2 427	841	-34,7 %
Netto resultat	241	-937	-381	556	-145,9 %

Teknisk og landbruk

Sjukefråvær

Fråvær i %	1.	2.	3.	1.	2.	3.	1.	2.	3.	1.	2.	3.
	2019	2019	2019	2020	2020	2020	2021	2021	2021	2022	2022	2022
60 Teknisk og landbruk	5,7	1,6	6,71	7,94	4,17	9,96	6,22	1,92	8,17	9,8	7,9	6,6

Teknisk sektor hadde eit sjukefråvær på 7,1 % for 2022.

Landbruk hadde eit sjukefråvær på 0 % for 2022.

Teknisk sektor samla har då eit samla sjukefråvær på i underkant av 7 %.

Målsetjinga for 2022 var på 4,5 %.

Det er unntaksvis at Teknisk sektor leiger inn ekstrahjelp ved sjukefråvær.

Skildring av tenesteområde

Tenesteområder som ligg til Teknisk sektor i Sande kommune er relativt mange i forhold til om liggande kommunar.

Tenesteområda har oppgåver innan forvaltning knytt til lovverk og driftsmessige oppgåver.

Landbruk

Arbeid med forvaltning av ulike tilskotsordningar som produksjonstilskot, regionalt Miljøprogram, smil, drenerering med meir.

Arbeid knytt til forvaltning med konsesjon, jordlovsaker, arealforvaltning med meir.

Arbeid knytt til viltforvaltning, vøeterinøerteneste.

Byggesaksbehandling

Løpande arbeid knytt til byggesaksbehandling og dispensasjonssaker.

Ulovlegheitsoppfølging.

Arbeid med detaljreguleringsarbeid.

Kart og oppmåling

FDV - Bygg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

Avdelinga har ansvar for bygningsmasse (30 000 kvm) og nyanlegg knytt til bygningar.

Ansvar for reinhald av rådhus, verkstad og legekantor.

FDV - Anlegg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

Avdelinga har ansvar for all kommunal infrastruktur utanom bygningsmassa.

Ansvar for vegar, gatelys, kaier, kommunal leidningsstruktur.

Det har ikkje vore tilsett eigen leiar for avdelinga og leiaransvaret har vore i varetatt av Teknisk sjef og ansv. vassverk.

Kart og oppmåling

Avdelinga har ansvar for arbeidet med kartlegging- og delingsarbeidet innan kommuna

Matrikkelføring og saksførebuing er ein del av arbeidet.

Kartlegging av leidningsnettet inngår også.

Brannvern

Sande kommune har eige brannvern beståande av befall, brannkonstablar og depotstyrker på øyane.

Lovpålagde administrative ressursar er fordelt mellom tilsette på sektoren.

Landbruk

Sande har eige landbrukskontor med eitt årsverk fordelt på 2 personar. Avdelinga utfører i hovudsak oppgåver og tenester som kommunen er pålagd å utføre innan område som forvaltning av tilskots- og velferdsordningar i landbruket, jordlov/konsesjonslov, arealforvaltning, næringsutvikling i landbruket, vilt- og naturforvaltning.

Overordna mål

- Teknisk sektor skal forvalte og gjennomføre lovpålagde og sjølvpålagde oppgåver til beste for innbyggjarane i kommunen.
- Teknisk sektor skal halde vedlike og føre tilsyn med kommunale eigedommar, bygningar, vegar, tekniske anlegg mv, slik at desse til ei kvar tid held forsvarleg standard.
- Teknisk sektor skal gjennomføre anlegg og investeringar slik dei er pålagde innanfor dei rammer som er vedtatt.
- Målsetjinga er at dei fleste brukarane skal vere fornøgde med dei kommunale tenestene innan tenesteområdet.
- Teknisk sektor har fått delegert av kommunestyret til å utføre driftsmessige og investeringsmessige oppgåver slik det går fram av budsjett og delegasjonsreglement.
- Sande kommune har eige landbrukskontor som skal gjennomføre drift- og forvaltningsoppgåver som ligg til denne tenesta innanfor gjeldande tidsfristar.

Viktige hendingar

Arbeidet er knytt til løpande driftsmessige oppgåver innan drift og forvaltning. Vidare pågår det eit kontinuerleg arbeid med investeringstiltak som gjerne går over fleire år.

Driftsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

- Etablering av avvikssystem innan FDV Anlegg
- Framtidige vassforsyning - pålegg Mattilsynet

Investeringsmessige tiltak som har vore særleg prioritert :

- Storehaugen bustadfelt - leidningar
- Vassleidning mot Hallebygda
- Vassleidning til Haugsholmen
- Bryggeløysingar for ny beredskapsbåt
- Reinseanlegg vatn for Gursken og Gjerdsvika

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
600-Landbruk	562	555	761	206	27,0 %
610-Teknisk	12 057	12 992	11 392	-1 599	-14,0 %
620-VAR-område	0	0	91	91	100,0 %
Sum	12 619	13 547	12 244	-1 303	-10,6 %

Kommentar til status økonomi

Mykje av teknisk sektor sin driftsutgifter er knytta til Sande kommune sin infrastruktur og dersom ein ikkje endra denne vil driftsutgiftene ligg nokon lunde fast. Faktorar som høge straumprisar og mykje snøbrøyting kan imidlertid påverke driftsutgiftene noko. Sande kommune har eksempelvis ca 30 000 kvm med kommunal bygningsmasse og dette er noko høgt.

Oppsummering tiltak

Det mest aktuelle tiltaket for å redusere driftskostnadane vil være å redusere spesielt den eldre kommunale bygningsmassen.

Det førelegg ein forvaltningsrevisjonsrapport innan den kommunale bygningsmassen.

Ein skal no arbeide vidare med denne og dette er eit viktig arbeid knytt til å optimalisere bygningsmassen.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Bustadfeltutbygging	6 563	472	938	472 lht. plan
Enøk-tiltak - barnehage/skule	3 751	759	667	759 Forsinket
Feiing og tilsyn	150	76	150	76 lht. plan
Gjerdsvika hamn - industriveg	625	0	625	0 Forsinket
Gjerdsvika hamn - kai	4 875	116	250	116 lht. plan
Gjerdsvika hamn - sjete	5 100	5 147	5 100	5 147 Ferdig
Grunnkjøp bustadfelt	1 800	11	300	11 Forsinket
Kjøkken Sandetun	1 250	477	1 250	477 lht. plan
Kommunale skulebygg - standardheving	5 000	0	625	0 Ikkje vurdert
Larsnes overskotsmasse	375	57	575	57 lht. plan
Ny branngarasje Larsnes - utgreiing	13 125	0	875	0 lht. plan
Oppgradering avløpsnett (avløpsplanen)	8 800	1 416	1 500	1 416 Forsinket
Oppgradering kommunale leiligheter	1 500	414	375	414 Ferdig
Oppgradering omsorgsbustadar	1 000	162	325	162 Forsinket

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Oppgradering vassleidningsnett (vassplanen)	40 000	3 048	5 000	3 048 Forsinket
Opprusting/asfalt vegar	4 689	2 745	1 563	2 745 lht. plan
Parkering Sandetun	2 500	1 852	2 500	1 852 lht. plan
Planleggingskostnader/kart	2 500	965	625	965 lht. plan
Sandetun - aktivitetsrom	250	0	250	0 Ikkje vurdert
Sandetun nye/omgjerding omsorgsbustadar	19 250	307	500	307 lht. plan
Sandetun teknisk anlegg	313	148	313	148 lht. plan
Storehaugen bustadfelt	15 000	14 707	11 875	14 707 lht. plan
Uteområde skule/barnehage	750	314	625	314 lht. plan
Utsifting veglys	2 688	572	938	572 lht. plan
Utstyr kommunalteknikk	1 000	347	375	347 lht. plan
Sum	142 852	34 111	38 117	34 111

Landbruk

Sjukefråvær

For få tilsette til at det er med som eiga rapportering i årsrapporten.

Skildring av tenesteområde

Avdelinga hadde pr 31.12.22 eitt årsverk som er fordelt på 2 personar med henholdsvis 60 % og 40 %. Marte Storegjerde overtok funksjonen som fagleiar landbruk frå 1. oktober 2021.

Avdelinga utfører i hovudsak oppgåver og tenester som kommunen er pålagt å utføre innan område som forvaltning av tilskots- og velferdsordningar i landbruket, jordlov/konsesjonslov, arealforvaltning, næringsutvikling i landbruket, vilt- og naturforvaltning.

Det er 28 aktive gardbrukarar i kommunen. Dette talet har vore stabilt siste åra. No er det 5 mjølkebønder, alle på øyane. 3 bønder driv med kjøttproduksjon på storfe, 21 bønder har sauer. Det er aktive gardbrukarar i alle bygdene.

Konsesjons-/jordlovsaker:

Det har ikkje vore handsama søknadar om konsesjon i 2022. Det har vore handsama 9 saker om frådeling/omdisponering etter jordlova.

Tilskots- og velferdsordningar: Tilskotsordningane utgjer hovudtyngda av sakshandsaming og vedtak i avdelinga.

Produksjons- og avløysartilskot:

28 søkjarar, utbetalt produksjonstilskot 9.294.232,-, avløysartilskot 1.131.305,-.

På grunn av stor prisauke i 2022, fekk bøndene ei ekstra utbetaling i september på 919.530,- kr.

Totalt utbetalt 11.345.067,- kr.

Avlingssvikt:

To søkjarar fekk tildelt tilsaman 219.803,- kr på grunn av avlingstap forårsaka av klima; mykje regn.

Særskilte miljøtiltak i landbruket, SMIL:

Sande kommune sin SMIL-strategi gjeld for 2021 – 2024. Sande kommune fekk tildelt 170.000,- kr frå Statsforvaltaren. Det vart inndratt 4.961,- kr, så det var 174.961,- å dele ut. 6 søknadar fekk tildelt 167.100,-. Det vart avslutta 4 saker med 117.698,- kr utbetalt.

Drenering:

Sande kommune fekk tildelt 100.000,- kr frå Statsforvaltaren. Det var to søkjarar som fekk tildelt 121.962,-. Det vart utbetalt 12.360,- kr i to saker i 2022. Det vart inndratt 58.410,- i ei sak som ikkje vart utført.

Regionalt miljøprogram, RMP:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal prioriterer tiltak. Her vart det tildelt i alt 126.440,- kr i 6 saker. Dette tilskotet gjeld mellom anna skjøtsel av kulturminne (f.eks gravrøyser) og kulturlandskap (slått av bratt areal), biologisk mangfald (kystlynghei Riste og Storholmen) og reduksjon av utslepp til luft ved tidleg spreining av gjødsel og bruk av tilførselsslantar.

Viltforvaltning**Skadefelling av grågåsa:**

Det er fortsatt område der grågåsa er ei stor plage, ho beitar på graset, skit og trakkar ned. Det vart tildelt fellingsløyve på Kvamsøya, Voksa, Sandsøya og i Gjerdsвика i utvalde område. Det vart gitt løyve til skadefelling av 70 grågåsa og felt 50.

Hjortejakt:

Gurskøy Sør Vald fekk godkjent ny bestandsplan for 2021 – 2023 med eit minsteareal på 450 daa pr. dyr. Dei fekk løyve til felling av 378 frie dyr i denne perioden. 2 jaktfelt gjekk inn i Gurskøy Sør Vald.

Det vart gitt fellingsløyve til 174 dyr og felt 151.

Dette gir ein fellingsprosent på 86,8 %.

Gurskøy Sør Vald felte 122 dyr av 127, fellingsprosent på 96,1.

Det vart gitt løyve til fri avskyting av hjortekalvar til vald med bestandsplan; Gurskøy Sør Vald. Det vart felt 48 kalvar. Dette gir ein andel på 39 % av totalt antal felte dyr.

Fallvilthendingar:

I 2022 var det i alt 9 hendingar med fallvilt. Alle desse var hjort og 8 vart påkøyrde av motorkøyrerøy.

Sande kommune har avtale med 2 jegarar om ettersøk i slike tilfelle.

Viltfondet:

Det vart utbetalt 2.000,- kr til ein jeger som tok valdleiar kurs.

Merkeprosjekt hjort:

Sande kommune vedtok å gå inn i prosjektet til Vesthjort og ei hjortekolle vart merka med GPS 10.02.2021. Sendaren fall av 12.12.2022. Ein kan følgje hjortekolla på Dyreportalen på www.kilden.nibio.no

Veterinærteneste:

Ulstein kommune ved kommuneoverlegen er ansvarleg for denne teneste. Sande kommune betalar 75.000,- kr for dette.

Planarbeid:

Det vart ikkje utført planarbeid i 2022.

Viktige hendingar

Eit driftsmessig år på det jamne.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	501	561	672	111	16,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12	4	46	42	90,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	122	20	112	92	82,2 %
Overføringsutgifter	18	17	1	-17	-2735,0 %
Finansutgifter	58	32	0	-32	0,0 %
Sum Driftsutgifter	711	634	831	197	23,7 %
Salgsinntekter	-147	-72	-67	6	-8,4 %
Refusjoner	-3	-1	-1	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-6	-2	4	-168,1 %
Sum Driftsinntekter	-150	-79	-70	9	-13,3 %
Netto resultat	562	555	761	206	27,0 %

Teknisk

Sjukefråvær

Fråvær i %		Korttid 1-16 dagar	Langtid over 17 dagar	K og L fråvær totalt
60610	Teknisk	2,70 %	4,40 %	7,10 %

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet har både forvaltningsmessige og driftsmessige oppgåver.

Området er inndelt i 4 områder:

Byggesak

Arbeid innan denne avdelinga omfattar løpande arbeid knytt til byggesak og arbeid knytt til dispensasjon i forhold til arealplan. Arbeid med eigne og eksterne detaljreguleringsplan-prosessar krev også mykje arbeidskapasitet.

Ein har gjennom året vore involvert i detaljreguleringsplan-prosessar på Skare, Kvamsøy syd, Larsnes sentrum, Hallekrysset og Gursken/Vik. Ein har også arbeidd med rulling av gjeldande arealplan i forhold til byggjegranser mot sjø. Ein nærmar seg no slutføring av nokre planar medan andre fortsatt vil vere i prosess.

Kart og oppmåling

Avdelinga har ansvaret for arbeidet med kartlegging- og delingsarbeid innan kommunen. Dette inneber deling av eigedommar både gjennom saksførebuing og kartarbeid.

Arbeid med Kystsoneplanen har pågått gjennom året og vil verte slutført i 2023.

Arbeid med leidningskartlegging

FDV Bygg (Forvaltning- drift og vedlikehald)

Avdelinga har ansvaret for den kommunale bygningsmasse og nyanlegg knytt til bygningar og kaier.

Sande kommune har ein relativt stor bygningsmasse og denne utgjer ca 30 000 kvm. Det har i 2022 vore gjennomført forvaltningsrevisjon av området. Konklusjon her er at ein ligg lavt i forhold til vedlikehaldskostnader både gjennom drift og investering. Forankring i overordna planverk og tiltak elles skal det arbeidast vidare med i 2023.

Kostnader knytt til drift (straum, forsikring, ventilasjon, brannvernanlegg, sprinklar, heis, nødstraum, kommunale avgifter) vert ført på avdelinga.

Vaktmeistrane ligg til avdelinga og utgjer 3,4 stillingar.

Reinhald av rådhus, verkstad og legekontor ligg også til avdelinga.

Brannvern

Sande kommune har eige brannvern og dette er dimensjonert ut ifrå minstekrava. Dette inneber 16 brannkonstablar og administrative ressursar på ca 0,7 stillingar. Dei administrative stillingane er fordelt mellom tilsette på teknisk sektor og andre.

Ein har eit branndepot på Sandsøya (6 mann) og eit branndepot på Kvamsøya (6 mann).

Det har vore ca 30 hendingar i brannvernet gjennom 2022 og gjennomført ca 9 øvingar.

Viktige hendingar

Arbeidet er knytt til løpande driftsmessige oppgåver innan drift og forvaltning. Vidare pågår det eit kontinuerleg arbeid med investeringstiltak som gjerne går over fleire år.

Driftsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

Arbeid med foreiningsarbeid der kommune er mynde har vore noko prioritert.

Sektoren har bidrege med mykje arbeid inn mot busetjing av flyktningar.

Arbeid med detaljreguleringsarbeid - både private og offentlege

Arbeid med Kystsoneplanen.

Etablering av avvikssystem innan FDV Anlegg.

Etablering av nytt system innan feiing og brannførebygging.

Slutføring godkjenning av hamneutbygginga i Gjerdsвика hamn

Ferjekaiutbygging i rute 01

Investeringsmessige tiltak som har vore særleg prioritert :

Kaiutbygging i Gjerdsвика

Storehaugen bustadfelt

Parkering Elvebakken

Sandetun utbygging - Tilskot og planarbeid her

Asfaltering av kommunale vegar

Kjøkken og infrastruktur Sandetun

Utbetring av skulebygg - Kvamsøy og Gursken

Bryggeløysingar for ny beredskapsbåt

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	6 595	7 566	7 149	-417	-5,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 043	11 533	11 005	-529	-4,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	380	248	344	96	27,8 %
Overføringsutgifter	2 743	2 196	1 938	-259	-13,3 %
Finansutgifter	9	5	43	38	87,7 %
Sum Driftsutgifter	21 770	21 549	20 478	-1 071	-5,2 %
Salgsinntekter	-4 959	-5 968	-6 673	-705	10,6 %
Refusjoner	-3 653	-2 544	-2 413	131	-5,4 %
Overføringsinntekter	0	-45	0	45	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 100	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-9 712	-8 557	-9 086	-529	5,8 %
Netto resultat	12 057	12 992	11 392	-1 599	-14,0 %

VAR-område

Sjukefråvær

Skildring av tenesteområde

FDV Anlegg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

Det har ikkje vore tilsett leiar for denne avdelinga i 2022. Teknisk sjef og driftsansvarleg for vassverka har delt på leiarrolla her.

Det er frå april 2023 tilsett eigen person i denne rolla.

Det har gått mykje tid til arbeid med ny overordna vassforsyning til Sande kommune. Dette i forhold til nye krav frå Mattilsynet. Vidare har ein arbeidd med pålegg i forhold til sikring av eksisterande drikkevasskjelder.

Til avdelinga ligg uteseksjonen som er lokalisert på kommunekaia på Larsnes. I tillegg til arbeidsformann har ein 3 fagarbeidarar her.

Avdelinga har ansvar for all kommunal infrastruktur utanom det som ligg til FDV Bygg. Dette omhandlar det kommunale leidningsnettet innan vatn, avløp og overvatn. Vidare ligg ansvar for kommunale vegar, hamner, kaier, pumpestasjonar, vassreinseanlegg, osv til avdelinga.

Arbeid i forhold til brøyting og gatelys har i 2022 vore administrert av FDV Bygg.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 186	4 588	6 983	2 395	34,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 946	3 307	3 721	415	11,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 419	271	391	121	30,8 %
Overføringsutgifter	448	-1 261	0	1 261	0,0 %
Finansutgifter	3 483	5 503	3 408	-2 095	-61,5 %
Sum Driftsutgifter	12 482	12 407	14 503	2 096	14,5 %
Salgsinntekter	-10 839	-11 116	-13 505	-2 389	17,7 %
Refusjoner	-307	-171	-169	2	-1,2 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 336	-1 120	-738	381	-51,6 %
Sum Driftsinntekter	-12 482	-12 407	-14 413	-2 006	13,9 %
Netto resultat	0	0	91	91	100,0 %

Finansområde

Investeringer

Det er gjort ei statusvurdering per prosjekt. I samband med 1. tertialrapportering i 2023 vil det bli lagt fram sak om rebudsjettering av dei investeringane som ikkje har blitt utført i samsvar med plan, eller dersom prosjekta har vesentlege avvik mot budsjett. Dette gjeld ved både meir- og mindreforbruk.

Rebudsjettering av prosjekt vert lagt fram ved endring av blant anna:

- tidsplan
- finansiering
- lågare eller høgare prosjektaktivitet/kostnad enn planlagt
- avviksmeldingar
- andre behov som krev tilpassingar

Status investeringsprosjekt

Finansområde

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Startlån (Husbanken)	-	-	1 000	0 Ikkje vurdert
Sum	0	0	1 000	0

Helse og omsorg

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Sandetun - aktivitetsrom	250	134	250	134 Ikkje vurdert
Sandetun - oppgradering inventar Sandetun	375	114	125	114 Ikkje vurdert
Sum	625	248	375	248

Politisk og administrasjon

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
IKT	3 750	506	800	506 Forsinket
Nye møblar kommunestyresal	163	162	163	162 Ferdig
Sum	3 913	668	963	668

Teknisk og landbruk

Beløp i 1000

	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Investering				
Bustadfeltutbygging	6 563	472	938	472 lht. plan
Enøk-tiltak - barnehage/skule	3 751	759	667	759 Forsinket
Feiing og tilsyn	150	76	150	76 lht. plan
Gjerdsvika hamn - industriveg	625	0	625	0 Forsinket
Gjerdsvika hamn - kai	4 875	116	250	116 lht. plan
Gjerdsvika hamn - sjete	5 100	5 147	5 100	5 147 Ferdig
Grunnkjøp bustadfelt	1 800	11	300	11 Forsinket
Kjøkken Sandetun	1 250	477	1 250	477 lht. plan
Kommunale skulebygg - standardheving	5 000	0	625	0 Ikkje vurdert
Larsnes overskotsmasse	375	57	575	57 lht. plan
Ny branngarasje Larsnes - utgreiing	13 125	0	875	0 lht. plan
Oppgradering avløpsnett (avløpsplanen)	8 800	1 416	1 500	1 416 Forsinket
Oppgradering kommunale leiligheter	1 500	414	375	414 Ferdig
Oppgradering omsorgsbustadar	1 000	162	325	162 Forsinket
Oppgradering vassleidningsnett (vassplanen)	40 000	3 048	5 000	3 048 Forsinket
Opprusting/asfalt vegar	4 689	2 745	1 563	2 745 lht. plan
Parkering Sandetun	2 500	1 852	2 500	1 852 lht. plan
Planleggingskostnader/kart	2 500	965	625	965 lht. plan
Sandetun - aktivitetsrom	250	0	250	0 Ikkje vurdert
Sandetun nye/omgjering omsorgsbustadar	19 250	307	500	307 lht. plan
Sandetun teknisk anlegg	313	148	313	148 lht. plan
Storehaugen bustadfelt	15 000	14 707	11 875	14 707 lht. plan
Uteområde skule/barnehage	750	314	625	314 lht. plan
Utsifting veglys	2 688	572	938	572 lht. plan
Utstyr kommunalteknikk	1 000	347	375	347 lht. plan
Sum	142 852	34 111	38 117	34 111

Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Investering				
Eigenkapitaltilskot KLP	708	709	708	709 Ikkje vurdert
Sum	708	709	708	709